

Den nasjonale fana

Av Hans Reynolds

Fram! du raude gule Flag,
Fargebragd fraa Berrfots Dag,
du, som ifraa Mast og Tjeld
helsa Islands kvite Fjell
og med Haakon yver Fjord
djervt i Vesterviking fór . . .

Upp! kvar Ungdom, som her bid,
upp til Arbeid! upp til Strid!
Strid for Landsens Hjartemaal
utan Lirk og ofsa Tøl.

Raud er Duken, raud vaar Harm
yver Ætti, veik og arm!

Fridoms-merke, fram, ja fram!
stor ho er vaar Folkeskamm;
breid deg ut i vaarleg Vind,
Veg aat kvart eit Hjarta finn.
Saml oss kringum deg ein Dag,
du er Norigs gamle Flag!



Vettermotiv frå Volda på Sunnmøre.

Målmannen gjeng inn i den tiande årgangen

Med millom anna desse sakene:

Vitjing hjå Terra Insubre i Italia
Nasjonal og identitær konferanse i Paris
Occupy Frankfurt
Minnemarsj i Dresden
Neofolkkonsert i Kjøbenhavn

I dette nummeret:

Olav Torheim	Terra Insubre: Kultur- og heimstadreising i Nord-Italia	s. 2
Olav Torheim	Velkomen etter, vyrde nynorskbrukar!	s. 3
Thoralf Bergwitz	Um stadnamn i Tokke	s. 4
Lars-Toralf Storstrand	Litt ymist på ymse tungemål	s. 5
Olav Torheim	Den nasjonale og identitære dagen i Paris	s. 6
Olav Torheim	Tyskland: Folket tek til gatone mot global finansspekulasjon	s. 7
Carl Lang	Det sekulære narrespelet	s. 7
Olav Torheim	Reportasje frå minnemarsj i Dresden, 2012	s. 8
Lars Bjarne Marøy	Møte med moderne musikk	s. 10
Ornella Winter	Musikkmeldingar frå Frankrike, Ukraina og Finland	s. 12
Ornella Winter	Jacques Brel - Når ein berre hev kjærleik	s. 13
Stig Andresen	“Death in June” og “Of the wand & the Moon”	s. 14
Megan Leo	Eivør Pálsdóttir - mangslungi songarinne frå Færøyane	s. 15
Olav Torheim	Sinister Howling i Speyer, Tyskland	s. 15
Siv-Kari Hjelmås	Det nordiske verdsbilætet	s. 16
Stig Andresen	Ei handbok for det tradisjonelle livesettet	s. 18
Gilles Malpertuis	“Rock’n’ball”	s. 19
Megan Leo	Vinland, Skandinavia og Sambandsstatane	s. 20

Terra Insubre - Kultur- og heimstadreising i Nord-Italia

Av Olav Torheim

Italia er eit land med store regionale skilnader. Sume gjeng jamvel so langt som til å segja at Italia ikkje kann reknast som eit land i det heile. Millom desse finn ein kulturvernaktivistane i Terra Insubre. Ei helg i slutten av august var Målmannen sin utsende medarbeidar på vitjing hjå Terra Insubre sitt sumaruniversitet.

I land som Frankrike, Spania og Italia hev styresmaktene opp gjennom tidene freista ein-sretta nasjonen med di dei trykkjer den sentrale kulturen ut yver regionar som opp gjennom tidene hev havt si vidt ulike saga, og dimed sin vidt ulike kultur og identitet. Som eit svar på dette hev dei siste åri stødt sterkare regionale autonomirørslor vokse fram, og i Nord-Italia hev dei havt framgangar heilt utanum det vanlege. Sjølvstendepartiet Liga Nord er jamvel representerte i riksstyret, og rørslor som arbeider for å styrkja lokal kultur vert jamvel sponsa av aktørar frå næringslivet. Og vellukka kultur-rørslor er det all grunn for eit blad som vårt å sjå nærare på!

Sumaruniversitet i sveitsisk fjellheim

Det var på ei nedlagd kaserna, 2500 meter høgt uppe i dei sveitsiske alpane (Ticine) at Terra Insubre hadde samla aktivistane sine til sumaruniversitet. Den fyrste natti vart me vekte av eit krasst torever og då morgonen rann, var landskapet dekt av snø.

På sumaruniversitetet vart aktuelle kultur- og samfundsspørsmål tekne opp til dryfting, og innimillom yktene var det tid til utflukter i den ville og mektige naturen (og eg som til vanlegt bur i det flate Hessen i Tyskland kunde paradoksalt nok slå fast at eg laut mange hundradtals kilometer vidare sud for å atter kjenna meg som heime).

Um kvelden vart det servert tradisjonell norditaliensk mat, polenta, som er av det litt andre slaget enn det ein elles kunde ha venta seg. For det meste av det ein reknar som typisk



Utvalet av lesestoff var upåklagelegt,



Ungdomar i gruppearbeid.

italiensk, som pasta og pizza, er i røyndi sud-italiensk. Norditalienarane hev derimot ein kultur og ein mentalitet som stend langt nærare vårt eige nordeuropeiske huglynne. Her vart det snøgt tydelegt nok at me var på ei heilt onnor bylgjelengde enn det ein elles hadde venta seg.

Koplingar til stoda i Noreg

For meg målmannen var det forvitneleg å sjå at aktivistane frå Terra Insubre hadde gjort mykje av dei same observasjonane som me kann gjera i vårt eige land. For på same måten som i i våre eigne fjellbygder på Austlandet, og i randsonene kring Bergen, er den nedervde kulturen i Nord-Italia under stor endring. "Utvikling" kallar sume det, men utskifting er nok ein meir råkande karakteristikk.

Milan er i våre dagar vorte til ein typisk italiensk by, som hev mist det meste av den lokale serhåtten sin. Og byfolk som flytjer inn i landsbyane ikring hev liten vyrndad for den lokale, nedervde kulturen. Det hastar med å gjera noko, skal ein kunna snu denne tilskeivingi.

Musikk- og kulturkveld

Den siste kvelden var det den lokale musikkgruppa Ul Mik som stod på scenen. Gruppa hadde utvikla sin eigen stil som dei



Ul Mik med "langobardeath".



Vandring i fjellheimen millom yktene.

kalla for "langobardeath", men som likevel var meir for folkrock enn for daudmetall å rekna. Ved midnattstid var konserten forbi, men i staden for å gå til sengs, gjekk me alle ut og kveikte opp ein lægereld. Her vart me sitjande og syngja tradisjonelle folkesongar både frå Italia og Europa elles, og der Målmannen sin utsending stod for det norske tilskotet med "Dei gamle fjelli" og "Fager kveldssol smiler.



Samling kring lægerelden siste kvelden.

Hugsa bladpengane for 2012!

Giro er stifta inn i bladet.

I 2012 er Målmannen inne i den tiande årgangen. Me tek gjerne ti år til, men ein fyresetnad for det er at bladet ber seg økonomisk. Alt arbeid med Målmannen vert gjort på friviljugt og ulønt grunnlag, men porto- og prentekostnadene hev dei siste tidi auka meir og meir på. Jamvel um bladpengane, no som for ti år sidan, ikkje er på meir enn 150 kr i året, vil me difor gjerne oppmoda dei som hev høve til det um å gjeva ei liti eller stor gåva til bladet. Bladpengar og gåvor er den viktugaste innkomekjelda for Målmannen. Hugsa namn og tilskrift på innbetalingi!

Velkomen etter, vyrde nynorskbrukar!

Av Olav Torheim

I november kom meldingi frå Kulturdepartementet: Den nye rettskrivingi vert godkjend, og skal gjelda frå hausten 2012 av.

Ei rettskriving sett i hop som eit personleg kompromiss millom personar som vantar fagleg bakgrunn og autoritet, men som eit hjelpeslaust departement ikkje er i stand til å setja foten ned for. Kva slags lærdomar kann den vanlege nynorskbrukaren draga?

Bodskapen vår denne gongen må vel heilt einfelt vera at høgnskkrørsla kann segja velkomen etter til alle nynorskbrukarar.

No er alle nynorskbrukarar kasta ut i eit uforståeleg kaos av kva som er lov og ulovleg.

Men dette hev me levd med i alle år allereide, me som hev halde oss til den nynorsken som Ivar Aasen sjølv valde.

Tidi må difor vera komi for å lata offisiell rettskriving få vera offisiell rettskriving, og helder basera seg på det som hev hevd og tradisjon. For den allereide forbodne høgnskoren er det ingi stor krise um endå fleire tradisjonelle nynorskformer vert reinska ut or offisielle rettskriving. Tvert imot: Høgnskoren stend endå meir markert andsynes den offisielle nynorsken, etter dette.

Kven er taparane?

Dei som hev nækt seg for godt um denne rettskrivingi skal gjennomførast, er dei som trur at det vert meir einskap i rettskrivingi og lettare å skriva rett nynorsk, um ein tek burt i-målet og høgnskformene. Å taka burt dei formene som dei seinste 60 åri snaudt hev vore synlege og endå mindre mynsterdanande for rettskrivingi, kann då umogleg føra til nokon framgang for nynorsken.

Det er ikkje høgnskkrørsla som er taparane etter at den nye rettskrivingi gjekk igjennom. Det er derimot den fløyen av konservative målfolk som hev vore lojale mot den offisielle rettskrivingi, og som hadde tru på avslag og kompromiss innanfor denne. Sume hev stade for ei målførelina som til dømes kunde gjeva bygdefolk på Voss høve til å nytta konservativ nynorsk med i-mål., men den lina kjem til å vera daud, dersom ein skal halda seg til den rettskrivingi som kjem no.

Det burde vera i ålmenn interessa millom alle konservative og moderate nynorskbrukarar, at høgnskformene fekk sleppa til att i ordlistone. Di fleire tradisjonelle nynorskformer som slepper til i nynorskordlistone, di meir tradisjonell vert ogso "gjenomsnittsnynorsken" - endå um han framleis kjem til å vera langt frå høgnsk. Normaltalemål og høgnsk kjem i all yver-skodeleg framtid til å vera eit prosjekt for dei mest

medvitne og yvertydde nynorskbrukarane - men nett difor treng me helder ikkje um å vera so mange fyre me allereide hev gjort ein skilnad - og det til bate for alle som ynskjer ein betre og meir tradisjonell nynorsk!

Vegval i målrørsla

For me som hev vore i målrørsla i ei femtan års tid, og samstundes på utsida av den offisielle og statsfinansierte, er det forvitneleget å sjå utviklingi.

Bodskapen vår denne gongen må vel heilt einfelt vera at høgnskkrørsla kann segja velkomen etter til alle nynorskbrukarar. No er alle nynorskbrukarar kasta ut i eit uforståeleg kaos av kva som er lov og ulovleg. Dette hev me levd med i alle år allereide.

Mållaget, at det einast var taktikk som gjorde at målungdomen ikkje ope stod opp for høgnskoren.

Og den gongen hadde målungdomen ein leidar som på årsmøtet i Noregs Mållung poengerte at han sa "vi" og skreiv "me". I dag hev dei ein leidar som både segjer og skriv "vi"...

Ei hjelpelause stoda

På yverordna nivå finst det ei rad åtgjerder som er der for å styrkja nynorsken, men som likevel ikkje kjem til sin rett:

1. Kulturdepartementet kom for allereide 14 år sidan med ei stortingsmelding som gjorde ende på samnorsperioden, og slo fast at nynorsken skulde normerast på eige grunnlag. Likevel var korkje Norsk Språkråd eller det seinare Språkrådet i stand til å koma opp med ei skapleg og sjølvstendig rettskriving for nynorsk, og når oppgåva til slutt vert yverlati til ei nemnd av gamle mållagsaktivistar, er resultatet til slutt ein endå meir bokmålsnær nynorsk.

2. I norskfaget i skulen hev ein både dialektlæra, språkhistorie, litteratsoga og so burtetter, og alt dette for å styrkja interessa og forståingi for nynorsken. Likevel er det til sjuande og sist nynorsken som skal kuttast ned på, som me hev sett frå sidemålsordskiftet og frå utspeli frå styresmakterne i dei seinaste åri.

3. Kvart år gjev staten millionar til Noregs Mållag, men desse pengane tener ikkje til anna enn å halda upp strukturar og arbeidsmåtar som ein allereide hev 60 års røynsla nok med til å kunna slå fast at dei ikkje fungerer.

Frå høgnskorsympati og mest mogleg konservativ NMU-normal, til å ikkje lyfta ein finger for å hindra at ei rettskrivingsnemnd - sjølv utgjenge frå målrørsla - flytjer nynorsken endå nokre store steg nærare bokmålet, og det jamvel etter at styresmaktene hev slege fast at samnorsktidi er umme. Det er veggen dei hev gjenge, folk som no sit i leidande posisjonar i målrørsla. Når nynorskfolk og nynorskinstitusjonar ikkje ser verdet av å halda uppe gamle sedvaneformer i nynorsk rettskriving, tykkjer me at det er ille.

Det er sjeldsynt at det kjem utspel frå målfolk i dag. Når dei kjem, er det ofte forsvarsutspel eller so er det utspel som gjeng på å få tak i statsmidlar. Leidande målfolk burde tenkja meir på å finna nye framvegar for målsaki og mindre på å få

Målmannen

Utgjevar:

Samorganet Målmannen

Tilskrift:

Målmannen
Njårds veg 10
2214 Kongsvinger

Bladstyarar:

Olav Torheim

Epost: olaveth@gmail.com

Tlf: 004917632346964

Skype: fivreltd25

Netstad:

<http://maalmannen.sambandet.no>

Bladpengar kr 150,-

Bankgiro 2291 14 45666

Målmannen fylgjer redaktørplakaten!

tak i pengar frå staten. Staten er berre ein av mange aktørar. Og målrørsla må for all del ikkje yverlata til staten å avgjera rettskrivingsspursmål, utan at ein trygjer seg um at mindretalsrettane til grupper av målfolk vert sikra.

Mål og middel heng i hop

Det var berre taktikk som gjorde at ungdomsorganisasjonen åt Noreg Mållag ikkje var ein reinhekle høgnskorganisasjon, hevda som nemnt Eli Bjørhusdal i 1997. Ein laut taka tidi til hjelp, nytta mjukare retorikk og freista samla breidt, so skulde ein likevel koma til målet til slutt. No hev det gjenge 15 år, og me ser kvar det hev ført oss...

For det er ein samanheng millom det målet ein hev, og dei midli ein nyttar. Um ein vel å gå for kompromiss og mjuk retorikk, so samlar ein mjuke folk ikring seg, og til slutt vert ein sjølv med mjuk. Vel ein derimot å vera radikal og prinsippfast, so vert ein til å byrja med standande åleine, men dei som til slutt melder seg er folk av same kaliber som deg sjølv - i ein sakte men sikkert veksande flokk av medvitne målfolk - og der dei utilsulka og lysande ideali frå Ivar Aasen gjev kraft og inspirasjon til å kjempa vidare - år etter år - og jamvel um det er arbeid som lyt gjerast på fritidi, og ikkje som lekk i eit feitt organisasjonskonsulentoppdrag i den statsfinansierte målrørsla!

Høgnsk

Når berre det beste er godt nok:

<http://sambandet.no/ordlista>

<http://sambandet.no/grammatikk>

Sank ein tingar til

Målmannen!

- språkpolitisk ukorrekt sidan 2002 -

Um stadnamn i Tokke

VELLBEKKROI - VELEBEKKROI - VØYLEBEKKROI.

Av Thoralf Bergwitz

I gutedagane mine - den tidi då eg sprang som hjuring i den unelege Vendalen innonde' Øysteinsfjell, Brandsnutane med Gråsteinsåsen og Sigurdstind - eller um det var i dei skogklædde lidine ikring den gamle støylen Grotstøyl attmed Sæbyggjeåi - åi som renn ifrå Borsæ til Gausbuvatn. Grotstøyl ligg eit stykkje heimafor Stridsmoen - der teledølr og sæbyggjar rauk i hop og slost um grensa - på Skafsåheidi. Det var i denne tidi eg hørde um Spafjødd og Urdnøsi med Følurvatnet imidjom. Eg hørde um Vegardalen midjom Berhømnutane og Spafjødd, Draumnuten og Fjukupnuten med Kuskaret imidjom der atte. Mest ALT hadde namn - frå det største til det minste. Sumt hadde jamvel meir enn eitt namn. Eg gløymer ikkje t.d. den litle bergknatten tett ved "Tønsberg". Den heiter både "Usulvsberget" og "Lyberg". Usulven budde der. Eg var livrædd for å fara framum dette bergjet endå um bergjet gav ly mot den kalde snoen frå nord på vetterstid. Ein ørliten kulp i Tverrå-bekkjen inne i "Haugane" (i Hyttebyen) hadde namnet "Laugarhylen". Det var snaudt rom til ein liten barnekropp til lauging i denne hylen. Men Namn - det hadde han.

Og alt hadde namn med meining. "Tunsberg" er namnet på berget med tun uppå, "Vistad" er ein vid stad endå um d-en vantar, "Åsland" er landet med dei mange åsane, "Åland" ligg attmed åi, "Moen" ligg inne i - eller i kanten av furumoen. Huvestadfolki laut Huve (rope) etter båt når dei vilde yvi åi. Namn som "Dalen" kann femne um eit vidt (langt) område. Men det kann ikkje eit namn som "Vøylen" eller "Roi". Slike namn er for berre småe og avgrensa område.

Slikt bør me koma i hug når me skal vurdere stadnamn - deira opphav, deira tyding og deira utstrekning!

Umlag midt uppe i Draumnuten - er det ei hylle i bergjet. Namn hev òg denne hylla. Dette er "Drøymesengi". Her låg risen når han kvilde. No er bilvegen komen, so han fær alli ro ti' å sova der lenger, risen. Difor er han heller alli å sjå no ti'dags.

Der - lengst inne i den ville fjellheimen so langt du kunde koma - der låg eventyrverdi, ei verd so langt undan at det var mest umogleg å gange so langt.

Og innimillom desse eventyrfjøddi låg dei vestlengste støypane i Telemark - Kjønnesviki, Kuskard, Vøylen og Vellbekkroi. Her var rikjet åt Guro og Sigrid og Hjørdis (Aabø) som sat med krætur på desse støypane år etter år gjennom eit langt liv. Det var livsgrunnlaget deira.

Ved austenden av Kjønnesvikvatnet (skulde vel vera Tjønnes-vik-vatnet) nedunder

Berhømfjellet - som ligg i nord - og nedunder Draumnuten - som ligg i sud - der - i botnen av dalsøkkjet - ligg det ei liti flat glenne med ein bekk rennande gjennom. På denne litle sletta stend no ei einsleg hytte. Sletta (og hytta) vert kalla "VØYLEN".

Kjønnesvikvatnet er delt i tvo med eit smalt og grunnt sund millom. Frå det austre - (det minste) Kjønnesvikvatnet renn "Vøylbekken". Det er visseleg denne bekken som hev gjevi "roi" (sletta) namn - "Vøylbekkroi" som i 1896 er umtala som "Voilebekk-Roi" (på reinspikka sætesdalsmål"). Dette stemmer med både kart og terrenget slik veggen no ligg. Men dette namnet "Voilebekkroi" kann vera ei samandling av namnet "Vøylen" som er det vanlege namnet på staden - og namnet "Vellbekkroi". Ein sætesdøl i 1896 var visseleg ikkje serleg godt kjend i Telemarksheidane.

Arne T. Aabø fortel um - i eit bladstykkje i VTB for ei tid sidan - tvo smale sund i Lårdalheidi om heiter "Veilen" - tyder på at det er det same namnet som "Vøylen" ved Kjønnesvikvatnet det er tale um. Denne opplysninggen som Aabø her hev komi med vil eg karakterisere som sers verdfull. Men når det gjeld "Vellbekkroi" - "ro" - det er som ordet segjer - ein stad der det er ro. Det er ei kró - helst burtgøymt frå umverdi - eller som Ivar Aasen segjer "ei kraa" dvs. t.d. "et hjørne" i et hus. Med andre ord - ei kró (ei krå) - ei "ró" -kann ikkje femne um eit stort vidt område. Skulde ordet verta nytta på slik vis so fell tydingen av ordet dermed burt. Det er i så fall missbruk av ord.

Med andre ord - "Vøylbekkroi" kan ikkje femne um meir enn det sterkt avgrensa området ikring bekken - eit område som hev tilknytning til nettupp det smale sundet som området hev namn etter - eit området som einkvan - eitkvart dyr eller menneskje - kann vera for sjaveseg.

Høgt ovanfor Vøylen - på ei lang og vid glenne i bjørkeskogen - godt avsondra frå både Vøylen og all annan bustad - skild frå Vøylen med ei bratt skogklædd lid - umlag eit hundrad meter i høgdeskilnad frå Vøylen - nedunder ei bratt lid - (Berhombuten) - der ligg den no longe nedlagde støylen - som bygdefolket til nyleg hev kalla "VELLBEKKROI".

Herifrå hev du den fagraste utsyni du kann tenkje deg mot Førsvatn og Borsæ og den blånande viddi ikring so langt som ditt auga det timjast kann.

VELLBEKKROI var namnet på folkemunne. Ingen sa anna enn VELLBEKKROI i den tidi som eg budde og livde i byggi. Heller ikkje far min - som livde til 1980 - sa noko anna enn "Vellbekkroi". Stølsbui ser ut til å vera mange hundrad år gamal - mao. det hev vore

stølsdrift der i uminnelege tider, og var faktisk på det næraste slutt då eg - som fjortanåring flutte ifrå byggi i 1936.

Det segjer seg sjølv at namnet på glenna - på stølsvollen - på støylen, det vart ikkje til i "millomkrigsåri" som sume tykkjest tru. Namnet "Vellbekkroi" det hev visseleg fylgt staden frå glenna fekk namn for fyrste gong det kom menneski dit - og det var visseleg tidleg. Men no - kor lengje veit eg ikkje for visst - hev staden fengje namnet Velebekkroa - i både kommunale dokument og millom andre som vel helst må vera innflytjarar til byggi. Dei hev - som me veit - ein tendens til å taka med seg sitt eigi tungemål - i både skrift og tale - og soleis gjerne radere ut det gamle - og "utslitne" bygdemålet - og godt er visseleg det! Alt treng til litt modernisering- må vita.

Det er elles gjort freistnad på å vilja setje nytt namn på staden på anna vis òg - ved å hente fram namnet frå sætesdølen frå 1896 "Voilebekken"

Tydingi av namnet "Vøylen" - "eit smalt sund" - det må visseleg vera rett. Underleg nok so finst ikkje ordet i formi "vøylen" korkje i Norsk Ordbog av Ivar Aasen eller hjå Hans Ross. Men hjå Hans Ross finn me ordet "Veila" for "Fure paa Undersiden av Skier". (Henta frå Rendal). Som døme er vist til ei utsegn: "Veela er for brei för Skiaa". Dette er faktisk det einaste eg hev funne som kann gjeva ei tyding av namnet "Vøylen".

Ordi "veil" og "veile" hev Aasen med, men då berre i tydingen "lyte". I den tyding hev Norsk Riksmålsordbok òg med ordet. Aasen viser dessutan til ordet "Føyra" som skal tyde det same, men då serskilt for tre - "Sprække eller hul i Træ (især indvendig)". Ordi "veil" eller "veile" tykkjest difor ikkje tyde berre sprekk, men heller skade eller lyte. Han nemner serskilt ordet "føyra" - "Mærke efter Skår eller Stød i Opvæksten." "Porer, porøs eller hullet substans innvendig i veden". Ordet hev formi "fløyra" i Ryfylke, "Frøyra" i Telemark.

Jamvel um Aasen ikkje tykkjest hava med noko som skal gjeva "veil" eller "veile" tydingi "smalt sund", so er det som Hans Ross hev teki med, og serskilt det som Aabø viser til um dei smale sundi i Lårdalheidi noko som er verdfullt å leggje merkje til. Her er det nettupp bygdemålet Aabø støder seg til.

Forfedrane våre var ikkje so i beit for å finne namn på stadar i terrenget. "Vøylen" er eit lysande døme på det. Eg viser elles til Eivind Vågslid som so tydeleg hev vist at det er naturtilhøvi på staden som - i eldre tider - hev gjevi stadane namn. Det gjeld òg for støyilsvollen på høgdi - "Vellbekkroi".

Naturtilhøvi på Vellbekkroi er nett slik at vatnet "vell" upp or marki. Ved den øvste hytta - som ligg mykje høgare enn dei hine hyttune - der det er ei oppkome. I retning derifrå og nedvi stølsvollen er det ei stripe - eller renne - som ofte er vasstrukki. Og ende nedanfor bakkekammen mot sud (i denne renna) der er det ei olle som aldri tykkjest trjota. Der er det vatn for alle. Og ved hyttune nedanfor bakkekammen mot aust er det sameleis oppkomur for vatn.

Den bekkjen som tydelegvis hev runne i denne renna (stripa), men som longe er yvigrodd - slik som det gjeng med mange tjønnar, vatn og bekkjir elles - med tidi - den hev komi beint ut or marki - den bekkjen hev vella fram or grunnen. Difor - noko anna namn på staden enn "Vellbekkroi" - det er heilt utenkjeleg.

Mitt utgangspunkt for ei tidlegare utgreiding i VTB - um "Vele" - som kan tyde "stjert", "fiskespor", "narring" "setje fellur" eller "baktaling" det er like utenkjeleg. Tenkje seg til - "BAKTALINGSROI" ! Kven vil vedkjenne seg - enn segja leggje upp til strid - for å halde på eit sovori namn!?

Her må det heller ikkje vera ein "e" eller ein "n" for mykje (jfr. Ivar Aasen). Det heiter soleis heller ikkje "Vøylene-bekken". "Vøylene-bekken" er visseleg nytta. Det er for å få ein betre rytme i ordet. Soleis som òg "Dal-åi" som til vanleg vert sagd "Dala-åi".

Når det so gjeld bygdemålsuttalen, ikkje berre bygdemålet - kann me feste fullt og heil lit til, men når det er ført so mykje dokumentasjon som i dette høvet, so tykkjer eg me skal

koma i hug at det er serleg bygdemålsuttalen at me kann finna mykje visdom um mange stadnamn. Når det elles gjeld bygdemålsuttalen, so kjenner me til at dei gamle i bygdi - dei tala eit tradisjonsrikt målføre som ikkje finn sin make andre stadar enn i øvre Sætedal og i øvre luten av Vest-Telemark. Er det difor eit målføre som er sætande som eit målføre med lange og rike tradisjonar, so er det nettupp målet i Vest-Telemark. Me kjenner òg til at den utvatningen av målføri land og strand rundt - den tok til med rettskrivingen av 1938 (eg er fødd i 1922). Seinare hev det gjengje slag i slag. Det sterkaste åtakot mot tradisjonelt målføre kom i 1959. At det enno i dag kjem sterke åtak på norsk skriftmål, og dermed på tradisjonelle norske målføri - og det frå ein kant som hev til fyremål å verne um "norsk folkemål" det er eit paradoks som er vandskelegt å fatte. Alt for mykje vert løynt i skuffar og skåp i dei offentlege kontori - slik at ålmenta ikkje fær augo upp for kva som gjeng fyri seg i dei offentlege irrgangane.

Hev Tokke kommune - kann hende - meir på samvitet som dei helst vil løyne ? Bør dei andsvarshavande - i det fall - ikkje snart rette upp mistaki sine? Kann bygdefolket - i lengdi - liva med at deira folkevalde - og - ikkje minst - dei tilsette i den offentlege administrasjon - kann hende - gjerer grøvare mistak enn det som her er nemnt? Kann hende til og med - med noko som vedrører nettupp Vellbekkroi ?

Kven vågar å taka på seg andsvaret for å segja at so ikkje er tilfelle ?

Kvar vart Vestmannen av?

Medan Målmannen gjeng inn i sin tiande årgang, melder ein tingar seg for å spyrgja um kvar det vart av Vestmannen, det andre høgnorskebladet som han trufast hev tinga i alle år.

Diverre kann ikkje me fortelja honom noko anna enn det han sjølv skulde vita:

Den siste utgåva av bladet Vestmannen kom hausten 2009, og sidan hev ein ikkje høyrte noko meir til det.

Vestmannen under Jostein Krokvik var på 80- og 90-talet den faste bindelekken i høgnorskrørsla. Bladet vart praktisk tala eit språkpolitisk laboratorium, både når det kom til å utvikla ny målpolitikk og til å driva med måldyrking. Ein ny generasjon av unge høgnorskaktivistar vart fostra gjennom Vestmannen, og optimismen var stor då Krokvik i år 2000 takka av for å yverlata redaktørgjerningi åt den unge Lars Bjarne Marøy.

Det største aktivumet åt bladet var likevel aktualiteten: Som ikkje noko anna organ i måkrørsla var Vestmannen i stand til å koma ut med heile ti nummer i året. Serskilt i tidi fyre internett var Vestmannen eitt av dei bladi ein burde lesa dersom ein skulde halda seg orientert um det som hende i målrørsla.

Striden i høgnorskrørsla på byrjingi av 2000-talet skulde allereide vera velkjend for mange av lesarane, og er i alle høve noko som redaksjonen i Målmannen for lengst hev lagt attum seg og ikkje er tenkt å nytta meir spalteplass på. Men når leidingi i Vestmannalaget i 2001 valde å setja bladstyrar Marøy og dei hine nyrekrutterte og høgt motiverte redaksjonsmedarbeidarane på porten, og kutta utgjevingsruta ned frå 10 til 6 nummer i året, var det i røyndi berre eit spursmål um tid fyre bladet kom til å gå inn. Den gongen var det mange som brydde seg um framtidi åt Vestmannen. I dag er det diverre dei færreste som hev teke seg bryet med å spyrgja um kvar bladet vart av....

Litt ymist på ymse tungemål

Av Lars-Toralf Storstrand

At ord kann vandra yver grensor er det ingen som protesterar mot. Like fullt kann ein til tider i vilt ulike språk finna att ord som er ovlike. Endå um dei ikkje er beinveges umsetjingar - kann ein når ei n ser nærare på deim, skyna at skyldskapet desse språki imil-lom einkvan staden i tidlegare historie må hava havt eit møtepunkt.

At 'Ø'-lyden fyrst er komen inn i norsk språk i seinare tid, er det ingen grund til å tvika på. I norrønt språk ser ein langt meir av 'Å'-lydar enn lydar som dreg oss i re ning 'Ø', i alle høve sossom me er vane med 'Ø' i moderne norsk.

Eit godt døme på det er den velkjende drykken 'Mjød' som me lærde um på skulen. Det er grunn til å tru at vikingarne snarare sa "mjöd" eller "mjæd", enn "mjød". Denne drykken var laga utav honning, som på russisk heiter Мёд [mjöd]. Eit anna døme frå russisk er våre, snaudt heimavovne bryker, broki, som på russisk heiter Брюки [bruki], men dette

ordet finn me ogso att i engelsk [Breeches] og gælisk [Breecs].

Russisk slang brukar ordet Kaka [ka-ka] om å skita, og undarleg nok brukar islendingane slangordet Koka [koka] (og tyskarane slangordet kacken) um det same. Finst det eit samanbindande ord i Noreg?

Dei fleste vil vera samde i at me i Noreg hev eit lite dyr som me kallar pinnsvin eller piggsvin. Men kvifor segjer svenskane 'Igelkott' og tyskarane 'Igel'?

Eit søk i Ivar Aasens Norsk Ordbog syner oss at me hev eit parallellord i nynorsk ogso, Igul [Igol] - og her kann me trekkja parallellane endå lengre. For jamvel um pinnsvinet heiter эжик/эж [Jáshik/Jásj] på russisk, er det russiske ordet for "nåler" иглы [Igó] (sume stader igólka).

Det er spanande å oppdaga nygamle ord i andre språk. Det tykkjer i alle høve eg.

Kjenner du til fleire, høyrer eg gjerne frå deg.

Dvergemalet

11. november i Paris

Den nasjonale og identitære dagen

Av Olav Torheim

Den nasjonale og identitære dagen (“Journée nationale et identitaire”), skipa til i Paris kvar 11. november i regi av tidskriftete Synthese Nationale, er vorte eit fast referansepunkt mellom organisasjonar og grupper i spekeret kring den nasjonale høgresida i Frankrike. Målmannen hev vore til stades med eigen utsending dei siste tri åri.

Nasjonal konferanse med europeisk dimensjon

Fyremålet med den nasjonale og identitære dagen hev vore å samla aktivistar frå den nasjonale høgresida, på tvers av organisatoriske skiljeliner. Upp gjennom åri hev både Bloc Identitaire, Alsace d’Abord, Troisième Voie, Renouveau Français og Terre et Peuple vore representerte. Til stades på konferansen finn ein både journalistar, skribentar, spesialistar og politikarar. Konferansen hev ogso havt ein europeisk dimensjon, med talarar og utsendingar frå grupper som British National Party, Vlaams Belang (Belgia), La Falange (Spania), Salemfonden (Sverige), Pro Köln (Tyskland) og Liga Nord og Casa Pound (Italia).

Dei siste åri hev meir enn 1000 konferansedeltakarar funne vegen innum konferansen, som vert halde ved Forum de Grenelle i Paris. Programmet for dagen er tett: Talor og panelordskifte gjeng parallellt med at ulike politiske grupper, forlag, tidskrift og plateselskap hev stands og utsal. Medan ungdomsgruppa åt Nouvelle Droite Populaire stend for sal av mat og drikke - og då med lokale spesialitetar frå Alsace.

Tidi for kløyving er forbi

-Tidi er komi for å leggja til sides dei strid-



Forum de Grenelle var fullsett når meir enn 1000 mann var samla til konferanse.

stemai som skil oss, og helder leggja tyngdepunktet på dei sakene som me til sjuande og sist stend saman um. Det var bodskapen, ikkje berre frå partipolitikarar som Robert Spieler (NDP), Carl Lang (PdF) og Annick Martin (MNR), men jamvel frå talsmennene for dei meir reindyrka kulturelle og spirituelle rørsone - som Pierre Vial frå nyheidenske Terre et Peuple og Frank Abed frå katolske Generation FA8. Grupper som i tidlegare tider hadde vore erkefiendar, men som no stend saman for å verna um vår truga europeiske identitet.

Eit radikalt alternativ framfor presidentvalet

Presidentvalet i 2012 nærmar seg, og eit sentralt punkt på konferansen dette året var difor å

presentera Carl Lang frå Parti de La France som kandidat for “Union de la droite nationale” (Unionen for den nasjonale høgresida). Carl Lang er tidlegare EU-parlamentarikar for Front National, men rauk uklår med Marine Le Pen av di han meiner at ho hev ført Front National burt frå den trauste nasjonalismen som partiet stod for tidlegare - og helder i retning av ein ideologisk laupskap der det som jamt og samt ikkje er noko anna enn dvask liberalisme hev vorte tilsett ein liten dose islamkritikk (på lag som vårt eige norske FrP). Og for dei meir radikale kreftene som stend attum den nasjonale og identitære dagen i Paris er det klårt nok at denslags er lite å byggja vidare på.



2010: Målmannen-redaktør Torheim saman med målsmenn for svenske Salemfonden og spanske La Falange.



NDP-ungdomen stod for serveringi, og det med tradisjonelle produkt frå Alsace, som bretzel, bredele og gewürzraminer.

Tyskland: Folket tek til gatone mot global finansspekulasjon

Av Olav Torheim

Det byrja i Sambandsstatane med “Occupy Wall Street”, men det stogga ikkje der. Aktualisert av euro-krisa hev jamvel tyskarane gjenge mann av huse denne hausten for å protestera mot finansspekulasjon og global røvar Kapitalisme.

Då euroen i si tid vart innført, hadde mange tyskarar sett fyre seg at den sams valutaen nær sagt skulde gjera EU til det nye Stor-Tyskland. I staden hender det motsette - det er Tyskland som lyt leggja ut for den økonomiske kollapsen i heile Europa. Og dei einaste som tener på det er finansspekulantar og EU-byråkratar som gnikar seg i hendene av utsiktene etter å setja heile nasjonar under administrasjon.

I Tyskland som i Sambandsstatane var det okkupasjon som stod på programmet - med teltlæger i parken framfor den tyske sentralbanken. Og bankkvartalet i Frankfurt, med sin karakteristiske skyskrapar-skyline, er vel det næraste me europearar kann koma New York og Wall Street.

“Me er dei 99 prosent”, er slagordet åt Occupy-rørsla. Eit slagord som understrekar at det handlar um ei rørsla som representerar den store folkesetnaden, ei grasrot-rørsla som korkje stend til høgre eller vinstre i politikken, og som det nett difor kann vera lov å vona kann bjoda røyngleg motstand mot ein rotlaus finanselite som i våre dagar undergrev dei europeiske nasjonane og folkestyret.



Massemystringar, teltlæger framfor sentralbanken og radikal systemkritikk stend på programmet når Occupy Frankfurt aksjonerar.

Det sekulære narrespelet

Av Carl Lang

Carl Lang er tidlegare EU-parlamentsmann for Front National, og for tidi aktuell som presidentkandidat for Union de la droite nationale (“Samling på den nasjonale høgresida”).

I 1453, medan den ottomanske sultanen Mehmet II kringsette Konstantinopel og fyrebudde seg på å øydeleggja det som enno var att av det austromske riket, var teologane i den bysantinske kyrkja upptekne med å diskutera kva slags kyn englane hadde...

I våre dagar stend me framfor ei radikal endring av samfundet vårt slik som me hev kjent det til dessar, drive fram av ei masseinnvandring utan sidestykkje, og det av menneske frå kulturar og religionar som stend langt frå vår eigen. Det kann langt på veg kallast for ei kolonisering.

Kor som er, flestalle parti og organ-

isasjonar som høyrer til det politiske systemet vel å gøyma seg attum dei tradisjonelle franske mytane um det sekulære samfundet og dei republikanske borgarverdiane: Desse vert so å segja stelde opp som den nye “Maginot-lina” som skal verna oss mot ein meir og meir hardlynd islamisme.

I røyndi, andsynes samanbrotet åt den franske nasjonale identiteten og den nasjonale einskapen, er sekularismen, til liks med resten av dei sokalla integrasjon-såtgjerdene, ikkje noko anna enn ein villeidingsmanøver andsynes det franske folket.

På same måten som den sosialistiske presidentkandidaten, hev målsmennene frå ytste vinstre på den eine sida til madame Le Pen frå Front National på den andre sida, freista yvergå einannan i studnadsfråsegner til den franske sekularismen.

Men ikkje berre dei: Dei islamske lei-

darane forsikrar oss, dei med, um at dei styd upp um sekularismen. Dei ynskjer seg ingenting anna, på dette tidspunktet, enn at staten steller seg nøytral andsynes alle religionar. Det er den sekulære og republikanske, fyrste fasen i islamiseringi - det fyrste steget i den umfemnande kulturelle umkalfatringi av verdiar og prinsipp i vår sivilisasjon.

Eg kann ikkje anna enn å konstatera at sekularismen er den trojanske hesten åt dei som vil innføra nye og framande religionar i landet vårt.

Mitt svar er difor ingenting anna enn at me straks lyt få ein slutt på masseinnvandringi og ein slutt på konstruksjonen av nye moskèar!

Det er heile den europeiske sivilisasjon som stend på spel. Lat oss verna um identiteten og fridomen vår!

Reportasje frå Dresden 2012

Av Olav Torheim

Den 13. februar 2012 var det atter tid for den årlege minnesmarsjen for offeri for bombeåttaket som mot slutten av krigen lagde byen i grus og tok livet av kann henda so mange som 250.000 menneske.

Som allereide fortalt i Målmannen sin reportasje i nummer 2/2011, so hev Dresden dei tvo siste åri vore i eit slags undantakstilstand i dagane kring 13. februar. Nasjonalsinna grupper mobiliserar til den årvisse minnemarsjen for terrorbombingi, vinstreestreme grupper mobiliserar til blokade og motdemonstrasjon, og berre eit oppbod på opp mot 6000 politifolk gjer at det som regel ikkje kjem til direkte samanstøytar millom dei tvo gruppene.

Sidan dei vinstreestreme motdemonstrantane i all hovudsak kjem med busslaster frå Vest-Tyskland, var det ein fyremun for tilskiparane ått minnemarsjen at den 13. februar dette året fell på ein måndag, og ikkje på ein laurdag eller sundag som dei tvo åri fyreått. Dei massive motdemonstrasjonane hadde i dei tvo fyrrre åri vorte nytta av politiet som grunngeving til å nekta folk å marsjera, men denne gongen hadde politiet ei sers dårleg orsakning å skilta med dersom dei ikkje skulde vera i stand til å syta for ro og orden.

Treffpunkt for marsjen var klokka seks um kvelden, som vanlegt ved jarnbanestasjonen i Dresden. Tidlegare hadde valdelege motdemonstrantar blokkert jarnbanelinor og innfartsvegar, men denne gongen var det meste under kontroll, og halv sju på kvelden var so mange som 2400 demonstrantar på plass.

Demonstrasjonen tok so til, fyrst med ein appell frå finske nasjonalistar. Dei



Kraftfull Dresden-manifestasjon med parolar mot gløymsla og for sogemedvit.

synte millom anna til den store øydeleggingi av europeisk kultur som den allierte bombingi av Tyskland hadde ført med seg. Demonstrasjonane mot terrorbombingi er soleides ogso ein demonstrasjon for fridom - fridomen som alle nasjonar hev til å taka vare på kulturen og identiteten sin.

Etter tala frå det finske sendelaget, stelte folk seg opp i rader på seks og seks, og langsamt tok marsjen til, ut frå jarnbanestasjonen, gjennom sentrum og inn gjennom dei ulike bustadkvartali i byen.

Marsjen vart likevel stuttare enn ein hadde tenkt: Ved Sternplatz hev eit hundradtals vinstreaktivistar sett seg ned og blokkert ruta, og i staden for å rydja desse burt, hev politiet valt å leida demonstrasjonstoget attende i retning jarnbanestasjonen. Marsjruta vert soleides berre det halve av det som var planlagt.

Medan demonstrasjonsleidingi, som gjeng i fronten av toget, lydig let politiet leida marsjfygjet attende til jarnbanestasjonen, vel 400 mann lengre bak i toget å verta ståande: Dei krev at Politiet rydjer blokaden og let dei få marsjera etter den planlagde ruta. I meir enn ein time vert dei ståande, fyre dei vel å gå attende til jarnbanestasjonen - forståelegt nok sinte og frustrerte både på politiet og på demonstrasjonsleidingi som utan motstand valde å akseptera ei nedstytt marsjruta.



Jamvel dei nordiske landi var representerte i manifestasjonen, her med nasjonale medhaldsmenner frå Sverige og Noreg.

Dresden 2012 - Kommentar

Av Olav Torheim

Det gjekk som ein i grunnen kunde ha tenkt seg på fyrehand. Politiet var dette året tvinga til å meir eller mindre gjera arbeidet sitt, men dei gjer det nett so halvhjarta at resultatet vert ein rimelegt amputert marsj som vinstrekk-stremistar og politisk korrekte media atter ein gong kann velja å framstella som ein fiasko.

Når nasjonalistane berre fekk marsjera halve det planlagde strekket, skil det seg eine og åleine på politiet. Det var 4500 politifolk i byen denne dagen, og motdemonstrantane som blokkerte ruta ved Sternplatz talde berre eit par hundrad. Men ikkje nok med det: Det var politiet som sjølve hadde sleppt dei inn. Berre nokre timar fyre marsjen skulde taka til var denne plassen enno avstengd og under mannsterkt politioppsyn, men av grunnar som politiet stend nærast til å svara på sjølve vel dei seint på ettermiddagen å opna sperringane og sleppa folk inn på plassen.

Ein burde likevel ha venta av demonstrasjonsleiingi at dei var budde på nett dette scenarioriet. Når politiet spontant vel å stytta



ned marsjruta, burde det spontane svaret frå leiingi vera anten å stogga toget og krevja å få gå den planlagde ruta, eller å demonstrativt gå langsamare med heil marsjen, og under alle umstende ikkje berre dilta etter politiet og lata baktroppen i stikken når desse freistar hevda retten sin til å gå den planlagde ruta.

Nasjonalistane fekk kor som er endå ein

gong demonstrert kven det er som er fredelege, ikkje-valdelege og lovlydige - og kven som ikkje er det (den ulovlege blokaden fekk full støtte yver heile det politisk korrekte spekteret i Tyskland). Men hjå dei som hev vore interesserte i å sjølve sjekka upp i fakta er dette ingenting nytt, og i massemedia spelar fakta som vanlegt ingi rolla for framstillingi.

Tysk-skandinavisk kulturhelg i Berlin

Av Olav Torheim

Målmannen hadde i byrjingi av februar ein sendemann til tysk-skandinavisk kulturhelg i Berlin, skipa til av Stephan Günther frå Nordische Hilfswerk (tysk-nordisk venekrins). Samkoma vart til stor gleda for alle dei framømte.

Det faste møtepunktet for helgi var ein nasjonalsinna ungdomsklubb ein stad i Aust-Berlin. Her fanst det både møterom, kjøken og kneipe i kjellaren, og lokalet gjev soleides høve til både ålvorstungt arbeid um dagen og fest og moro um kvelden.

Helgi baud på eit skifterikt program. Laurdagen var det fyrelesing og ordskifte um bombingi av Dresden, avslutta med ein kameratskapskveld i retteleg tysk stil, der det korkje skorta på god drikke, god mat eller god musikk.

Sundag var det utflukt til det gamle Stasi-fengselet i Berlin, som i våre dagar er vorte museum. Museumsvitjingi var ei sterk oppleving for dei fleste. I det gamle Stasi-fengselet vart det ikkje drive so mykje med lekamleg mishandling, men eksperimentelle psykologar hadde funne fram til dei mest utkropne framgangsmåtanane for å brjota folk ned. Isolasjon og frårøving av svevn eller sanseinstrykk var millom dei mest umtykte arbeidsmåtanane.



Tyske og nordiske ungdomar utanfor Stasi-fengselet. I bakgrunnen eit minnesmerke reist yver offeri for kommunismens brotsverk i perioden 1945-1989.

Dei fleste som hamna i Stasi-fengselet vart til slutt so knekte at dei skreiv under eller tilstod kva som helst, sume allereide etter nokre vikor og andre etter eit års tid. Um ikkje dette var nok, so døydde ei rad fangar av blodkreft nokre år etter fengsel-suppheldet, og årsaki var trulegt eksponering frå ei røntgenstrålingskjelda som var gøymd i same rom som fangane uppheldt seg...

Under umvisingi av Stasi-fengselet stelte mange seg spursmålet korleis det kunde ha seg at ingen av dei andsvarlege for menneskerettsbroti i Stasi-fengselet

vart straffa for ugjerningane sine. Kvifor hev det ikkje kome til ei rettsleg oppgjerd for det som hende i DDR-tidi, på same måten med med Nürnberg-prosessen etter at det nasjonalsosialistiske regimet fall i 1945? Svaret frå umvisaren var at dei tilsette i Stasi-fengselet einast hadde handla etter ordre, og i samsvar med dei lover og reglar som galdt i DDR på denne tidi, og ein kunde soleides ikkje straffa folk for menneskerettsbrottsverk med attendeverkande kraft.

Sume kunde vel ha lagt imot at det var nett det dei gjorde i Nürnberg...

Møte med moderne musikk

Av Lars Bjarne Marøy

Artikkelforfattaren hev vore på ei rad konserter der det hev vorte framford moderne musikk. Her delar han inntrykki sine med oss.

Eg skal ikkje dylgja at eg hev vore mistruen til moderne musikk, og eg veit ikkje alltid um det er den moderne musikken eg kjem til å verta gladast i. Romantiske operaer nokolunde etter ein slags italiensk læst fell det meg lett å lika. Dei fær fram den menneskelege storleiksformer som kann knytast til indre kjenslor, temai kann vera handgripelege, men djupbotna likevel. Det er ofte einfelde stridsmål som fær dramatiske utslag. Moderne musikk vert gjerne knytt upp til Debussy og Goldbergs atonale musikk. Men moderne musikk er mykje meir enn berre knytte til desse einskindmenneski.

I Noreg hev me ikkje alltid fanga upp mangfeldet i den moderne musikken. Ikkje so rart sidan mykje av den musikken som er mest umtykt innanfor klassisk musikk høyrer heime i romantikken, og det med rette. På den andre sida hev det gjenge um lag hundrad år der den moderne musikken hev kunna veksa fram. Difor vert det spanande å gjera seg tankar um moderne musikk, gjerne etter å ha høyrte slik musikk. I år hev eg havt høve til å møta moderne musikk ved mange høve.

Fyrste gongen var ved ein årleg konsert i Nationalmuseet i Stockholm Der heldt den store svenske pianisten Peter Jablonski konsert i slutten av juni. Det som var serleg verd å merka seg var framføring i hans av den amerikanske tonediktaren Leonard Bernstein. Bernstein slo i gjennom som dirigent i Ny York i 1944 etter at han hadde studert på Harvard. Han fann seg vel til rettes med å henta fram byggjesteinar til tonekunsten sin frå jazz og latin-amerikansk musikk.

Bernstein komponerte mykje til det ein kann kalla ei form for tidleg populærmusikk, men av dei meir klassiske tonesetjingane hans er: tri symfoniar (Jeremiah Symphony, 1943; The Age of Anxiety, 1949; Kaddish, 1961–63), Chichester Psalms for kontratenor, kor og orkester (1965), sonate for klarinett og klaver, Meditations for cello og orkester (1977).

Aaron Copland

Ein annan tonesetjar som hev vunne seg namnfrægd er Aaron Copland.

Tidleg på 1920-talet og i nokre år etterpå stod verki til Copland fram med farge av ein rådande tanke innanfor kringvære av intellektuelle kunstnarar um at kunstnarane er ei gruppa nybrotsmenn som hev til å oppgåva å

leida den store massen. Vanlege lydarar vil ikkje kunna læra å verdsetja den nye musikken fyre det hev gjenge nokso lang tid. Utfrå denne tanken trong ikkje tonekunsten å vera tilgjengeleg for andre enn for ei gruppa av folk med serkunnskapar innanfor den nye tonediktningi. Dette synspunktet måtte Copland tenkja gjennom på nytt. Han fekk trong til å nå ein breidare tilhøyrarskare. Coplands musikk stod fyrst fram som sterk og hard, og skulde visa fram både den nye klangen og uttrykket i ein moderne musikk. Det var liti forståing i pressa og millom tilhøyrarane. Endå 1920-talet var eit av dei store innanfor jazzen hjelpte det ikkje. Coplands musikk vart for kvass i kantane. Millom anna var det lite gjennomslag å henta for Ode frå 1929 og Short Symphony frå 1933.

Copland byrja å tenkja gjennom tonediktningi si på nyo og fann fram til at han av strategiske årsaker laut endra det musikalske grunnsynet sitt. Det førde honom yver til at han nærma seg huglag og idear som ein kann finna i tysk "bruksmusikk" (Gebrauchmusik) – musikk som skulde ha ein nyttefunksjon samtundes som den hadde eit sjølvstendig kunstnarisk innhald utan umsyn til nytteverknaden. Då krystalliserte det seg ut tvo handfaste sevjelaup som kunsten kunde fylgja. Musikken skulde vera letttilgjengeleg – ikkje minst for musikkelevar. Men musikk skulde ha ein breidare appell med, det gav seg utslag i musikk for skodespel, film og radio, og seinare kom fjernsynet med. Hå Copland kom dette til uttrykk ved at han komponerte ein heil del musikk for unge tilhøyrarar. Millom anna ei rad pianostykke – The Young Pioneers – og ein opera – The Second Hurricane. I 1936 fullførde han òg eit av dei mest viktigjende verki sine, El Salón México, som saman med fleire andre høveskomposisjonar er musikk med ein breid appell. Og andre verk Copland hev vorte kjend for er knytte til amerikanske tema: Appalachian Spring, Billy the Kid and Rodeo.

Og når ein kjem til El Salón México, so er me der Copland og Bernstein møtest i det at Bernstein legg til rettes dette stykket som ser ut til å finnast i minst tvo versjonar – ein for eitt piano og ein for tvo. Då Peter Jablonski spela dette stykket under konserten i Stockholm, gjorde det sterkt inntrykk. Det er ein livfull musikk som uttrykkjer kjenslor og som skapar ei stemning som set ein langt inn i ei filmverd. Ein kann vel finna stoff frå Ragtime-musikken til Scott Joplin eller frå jazzkomposisjonar eller rett og slett frå film-

musikk. Vekslingane er sterke og kvasse, men dei gjer ein meir fjåg enn arg. Dei pirrar og gjer ein lystig. Jablonski fekk dette fram på ein ypparleg måte. Ein fekk lyst til å spela med, men heldigvis er vitet sterkare enn spelehugen. Dette møtet vart det sterkaste, jamvel um Jablonski hadde fleire stykke på spelsetelen denne kvelden.

György Ligeti

Tyskland er eit land der folk hev godt vit på musikk. Difor var eg svært spent på kva eg vilde uppleva då eg for til Hamburg i sumar. Her vart det rett nok gilde vitjingar på både Brahms og Teleman-museet, med ovhuga formidlarar som mest ikkje visste kva godt dei kunde gjera for ein musikkinteressert nordmann.

Men det var ein kyrkjekonsert i St. Michaelis som verkeleg endra det meste av mi forståing av kva som kann kallast kyrkjemusikk. Eg visste at kyrkjeorgelet er ei spelgreida som hev sers mange låtar og tonar å spela på, men eg hadde aldri drøymt um at det fanst moderne kyrkjemusikk. Dette vart ei ny verd for meg, og då eg uppdaga kor mange tonedikttrar det er innanfor ein moderne kyrkjemusikk-stil vart det eit eit yverveldande inntrykk som eg enno ikkje heilt hev makta å taka innnyver meg.

20. juli i Hamburg var det Jörg-Hannes Hahn frå Stuttgart som stod for spelsetelen i St. Michaelis. Han tok til med klassisk kyrkjemusikk av Bach, men so kom det meir moderne komponistar på rekkja og rad.

György Sándor Ligeti vart fødd i 1923 i Dicsőszentmárton (i dag Tirnaveni) i Transilvania i Romania. Han døydd i 2006 i Wien. Han var ein ungarsk-jødisk komponist, og han var rekna som ein av dei største komponistane i det 20. århundret. Han laga film-musikk som kannhenda gav han mest åtgauum i umverdi. Der vart han millom anna knytt til Stanley Kubricks film 2001: En romodysse, Ondskapens hotell og Eyes Wide Shut. Alle filmar som hev vunne seg eit namn i filmsoga.

Då Ligeti vart født i 1923 i Dicsőszentmárton, hadde denne byen i Romania for det meste ungarske innbyggjarar, men med ein stor jødisk koloni. Den musikalske utdanningi si fekk Ligeti på konservatoriet i Cluj-Napoca, men i 1943 måtte han bryta av studia fordi han var jøde. Han hamnet i ein arbeidslægjer. Huslyden i hjembyen hamna i Auschwitz, der alle med undantak for mor hans døydd. Etter krigen heldt han fram studia i Budapest og tok eksamen på Franz Liszt-

akademiet i 1949. I 1956 flykta Ligeti av kunstnariske og meiningsskilnadsgrunnar med kommunismen til Wien der han vart buande.

I Wien fikk Ligeti koma i samband med samtidsmusikken i vest. Karlheinz Stockhausens elektroniske musikkstudio i Köln vart ei plattform. Ligetis musikk vart likevel ikkje elektronisk, musikken hans var instrumental. Darmstadt, Paris, Stockholm og San Francisco var byer som han vart knytt til gjennom stutte opphald både som tonediktar og lærar. Fra 1973 til 1989 var han lærer ved Hamburg Hochschule für Musik und Theater. I denne tiden studerte den norske pianisten og komponisten Wolfgang Plagge med Ligeti.

Ligeti komponerte operaen *Le Grand Macabre* som er ein sterk mot-mot-opera. Her vert det trekt inn politisk stoff, men òg sterke undergangsstemmingar. Det kann vera forståeleg når ein tenkjer på bakgrunnen til Ligeti som fekk huslyden sin utrudd under krigen og sjølv måtte røma frå Ungarn i 1956 av politiske årsaker. På sjølv kyrkjekonserten var det 2. Etüde: *Coulée* som stod på spelsetelen. Det er eit etter måten kort, men sterkt og godt døme på Ligetis tonekunst. Det er ikkje musikk det er lett å høyra på slik utan vidare, men han eggjar til ettertanke yver kva som kann kallast sakral musikk. Eg trur nok ikkje eg vilde lika å høyra for mykje slik musikk heller, men på den andre sida er ikkje romantisk musikk i stand til å uttrykkja kor samansett og innfløkt verdi vår er i dag. Den ljodlege voksteren hev vore ovstor på 1900-talet, med ulike former for lagring og formidling av musikk. Noko av denne voksteren bør òg kunna gjeva seg uttrykk i musikken, slik at me fær tematisert andre ljoduttrykk enn det som hev vore vanleg i tidlegare tiders musikk.

Max Reger

Max Reger vart fødd i 1873, han døyde i 1916, han var ein tysk komponist. Frå 1907 til sin død var han professor ved konservatoriet i Leipzig. I tonediktingi si viste han ei eineståande evna til å meistra polyfone tonediktingar. Reger var ein viktig komponist på byrjingi av 1900-tallet. Han tok opp og fornya former frå barokken, samtundes som han var ein djerv harmonikar og vart ein av yvergangsfigurane til vår tids musikk.

Han skrev orkesterverk som *Hiller- og Mozartvariasjoner* (1907, 1914), *Lustspiel-Ouvertüre* (1911) og *Konzert im alten Stil* (1912), korverker (*Der 100. Psalm*, 1909, *Die Nonnen*, 1909), kantater, motetter, sanger (*Mariä Wiegenlied*), kammermusikk, orgelverker (*Phantasie und Fuge über Bach*, *Introduktion, Passacaglia und Fuge*, *Phantasie und Fuge*), klaververker (variasjoner over

temaer av Bach, Beethoven, Telemann) m.m.

Medan Ligeti er ein provokatør, tykkjer eg Reger er ein musikar det er lettare å høyra på og finna seg vel til rette med. Musikken hans er både moderne og prega av lang musikalsk sedhevd. Reger var sjølv katolikk, men var svært glad i protestantisk kyrkjemusikk, serleg koralverk. Han vart vidkjend for orgelmusikken sin, men musikken hev tidvis vore gløymd, men takk vera mange eldsjeler vert Reger lyft fram ved eigne tilskipingar og festivalar i vår tid. Reger fann attende til barokke ytringar som koralfyrespel, fantasiar og fugar so vel som *passacaglia* som er ein langsam sats, oppbygd som kontrapunktiske avbrigde yver eit stutt, basstema som vert teke uppatt og uppatt. Reger utviklar desse barokke ytringsformene på ein tankevekkjande og ny måte.

Jamvel um Reger finn kjeldone sine i barokken, stend han i ein klangleg hevdslina frå Brahms og Liszt. Han hadde òg høge tankar um Richard Wagner. Reger var ein fullkomen utviklar av sokalla kromatisk polyfoni som han fann gjennom fyrebiletet sitt som var Bach.

Å høyra *Symphonische Phantasie und Fuge i d-moll op. 57 „Inferno Phantasie“* er noko som verkeleg gjer inntrykk. Det er som å uppleva ei undergangsstemming utan like. Det er ei underleg millomstoda i musikken. I hovudsak kann ein finna seg heime i eitkvart romantisk, men musikken er sterkt opprørt og skiftande og slik sett møtest eitkvart av det meste kjenslerike i barokken med noko av det kjenslerike i romantikken, samstundes som at det moderne bryt fram. Slik kjennest det iallfall for ein amatør utan musikkfagleg bakgrunn. Det er vel iallfall liten tvil um det er lite som provoserar i denne musikken samanlikna med mykje av den andre musikken som ein finn innanfor modernismen.

Hans Werne Henz

Meir kunde verta sagt um kyrkjekonserten i Hamburg og andre tonediktatarar som hev stade på dagsetelen i St. Michaelis, men eg vil samstundes yver til endå ein moderne tonediktatar. Ein av dei verkeleg store og verksame på 1900-talet. Eg tenkjer på Hans Werne Henze. Det er fåe utanfor musikk-krinsar med god kjennskap til europeisk samtidsmusikk som let til å ha høyrtd om honom. Det hindra ikkje meg frå å stella opp i Domkyrkja i Bergen på konsert, og eg vart ikkje vonsviken.

Denne kvelden var det Henzes rekviem som stod på spelsetelen. Det vart ei spanande oppleving, endå ein gong eit møte med moderne musikk, den gongen òg moderne kyrkjemusikk. Rekviemet hadde eit sterkt personleg fyrespel. Henze miste viktige personar og

inspiratarar i livet sitt yver eit kort tidsrom og stod sjølv i fære for å døy, men kom seg til hektene att. Då måtte han få utlaup for kjenslone sine, og det fekk han i eit rekviem. Her er det blåseinstrumenti som kjem i framgrunnen. Når ein brukar trompetar og blåseinstrument reint ålment, er det eit uttrykk for noko som er sterkt, maktfullt og må understrekast. Henze gjer det til yvermål, og det vekkjer sterke stemningsbårer.

Henze er ein medviten tonediktatar. Det finst andre rekviem som kann gripa ein med fylgjetrengleik og eitkvart fagert og forlikeleg. Trompetane og trumbone og den frie formi i framføringi skapar eit meir beinveges samband millom musikarane og tilhøyrarane, tykkjer eg. Det vert sterkt, men sers rett på sak, og eg tykkjer det vert vanskeleg å få tankane på glid, slik som eg lettare fær i andre rekviem som Verdis. Eit ord som melder seg er intimitetsbrot, men det vert ikkje heilt rett det heller, for det er fråstand, det er berre det at ljodane kjem nærare innpå ein.

Kor som er: Eg vart nyfiken på Henzes musikk. Korleis kann det ha seg at tonediktatarar som jamvel er svært verksame ikkje når ut til nordmenn eller andre musikkinteresserte? Ei upplagd årsak er vel at det skal folk til for å spela ulike former for musikk, og då krevst både dei som kjenner til tonekunsten og musikarane til å framføra han. I Noreg er me trass i alt ikkje so mange som kann framføra musikk av ulike slag. Ein skal ikkje lenger enn til Sverige, so fær ein ei litt rikare låtlista. Det segjer seg sjølv at innanfor det tyske språkvaldet med sine umlag 90 millionar innbyggjarar og lange musikktradisjonar vert det meir å visa til.

I dag spreider musikken seg som aldri fyrr. Folk reiser meir, dei nyttar verdsveven, dei tingar musikkvideoar og dei finn fram til ymse former for musikk i mykje større mun enn berre for 30 til 40 år sidan.

Vel, eg kjøpte beinast operaen *Boulevard Solitude*. Denne operaen viser mange av styrkane til Henze, vil eg tru. Han greider å få fram tilvisingar til tidlegare operaer som byggjer på *Manon Lescaut*. Sjølv tenkjer eg framfor alt på *Pussinis*, samstundes som at dette er ein opera som gjeng fyre seg på 1900-talet. Storparten av handlingi er jamvel lagd til ein jarnvegsstasjon i Paris.

På denne jarnvegsstasjonen møtest Armand, den mannlege tenoren, *Manon Lescaut*. Dei er både på reisefot, men finn saman og finn seg seg eit husvære i Paris. Her bur dei i småe kår. Armand hev vorte utstøytt av faren, og treng pengar som han skipar seg til med via venen Francis.

Medan Armand er burte fær broren til *Manon Lescaut* tak i henne og vil ha henne til

å verta elskarinna til ein rik gamal herre, Lilaque. Broren vil tydelegvis koma seg inn til denne herren av di han er rik. Han stel pengar frå Lilaque og kjem seg undan med det. Seinare møter han Armand og er med på å skaffa honom kokain. Armand hev vorte nedfor av at Manon Lescout hev forlate han, og han hev vondt for å forlika seg med det. Difor tyr han til rusmiddel. Men broren til Manon Lescout, som hev tjukke røter inn i det kriminelle kringværet i Paris, er ikkje nøgd med at han hev fenge tak i pengane til Lilaque. Han vil ha fleire verdiar ut av dette huset. Manon Lescout er på nyo i huset, og då fær broren kutta ned eit stor målarstykke som han vil selja. Manon Lescout freista å forføra Lilaque, men ho greider ikkje å dekkja yver at målarstykket er burte. Lilaque freistar å taka ei oppgjerd med broren til Manon Lescout og Armand som er i huset samstundes, men det endar med at Manon Lescout skyt honom.

Armand og broren til Manon Lescout kjem seg undan, men Manon Lescout vert fengsla. Nedtrykt og nedbroten vil Armand sjå sin store kjærleik for siste gong. Det heile vert

avslutta med musikalske nummer frå livet deira.

Det er ein nesten diskret musikk i denne operaen, ein fær kjensla av at dette ei ihopfløking av opera, pantomime og film. Det er òg meir handling enn reine songnummer og orkester hev ei langt meir tilbaketrekt rolla enn det ein vilde finna i andre operaer av meir klassisk merke. Eg sit att med ei merkeleg kjensla av å ha sett noko viktig utan at eg greider å setja heilt ord på det. Operaen vart framförd for fyrste gong i 1952, og det er utan tvil nytt og uventa at ein trekkjer inn rusgift i form av narkotika som eit motiv i ein opera. Annan organisert kriminalitet er vel likeins noko litt nytt. Her er det tydelegvis snakk um organisert prostitusjon og umsetjing av ulovleg rusgift.

Verk som vert ståande

Kva sit eg so att med etter desse møti med moderne musikk? Det er vel vanskeleg å segja noko bastant, men eg trur at eg hev fenge meir forståing for den moderne musikken enn eg hadde tidlegare. Det er ein musikk som er

utruleg mangslungen og hev vore dyrka og arbeid meir med enn mange vil tru. Dette er langt frå berre ein enkel kling-klang-musikk. Det er mange avbrigde av moderne musikk. Han kann ha sine likskapsdrag med romantikken, den hev vorte påverka av populærmusikken, men viktigaste er det vel at moderne klassisk musikk er ein musikk som ofte hev vorte plassert millom tvo stolar. Dei som likar populærmusikk likar ikkje klassisk musikk, og dei som likar klassisk musikk likar ikkje moderne klassisk musikk. Dei klåre boksane og skiljeveggene er vel likevel åttå verta færre. Den moderne musikken hev kome for å verta verande. Han kjem nok ikkje utan vidare til å verta like stor som mykje av den romantiske musikken som hev levt sterkt på både 18- og 1900-talet, men han liver og er åttå byggja seg opp til noko varande som me vil få grundigare skriftlege framstillingar og yversyner yver med kvart som ein fær meir forståing for og perspektiv yver denne tonediktingi.

Alcest - varm, fransk melankoli


Av Ornella Winter

Den franske musikkgruppa Alcest er noko for seg sjølv. Alcest stend for ein alternativ rock som hentar påverknad frå både popmusikk, kjensletyngd hardrock og post-punk. Mannen attum gruppa, manginstrumentalisten Stephane Paut, hev elles bakgrunn frå andre kjende musikalske prosjekt som Peste Noir og Ameseours. Ved årsskiftet var gruppa ute med sitt tredje studioalbum, "Les Voyages de l'Ame" (Sjelereisor).

Det fyrste sporet, "Autre temps" (Ei onnor tid), opnar plata rolegt og melankolsk, med ein song som tek fyre seg naturens og livsens gang. Teksti spelar på at kvar ættled er som

bladi på eit tre: Dei losnar og flyg leikande i vinden, fyre dei fell til jordi og vert burte. Ein dag kjem det nye blad på treet, men jordi vert verande den same, og i morgon er du eg og burte (dette fyrste sporet på plata finst som musikkvideo på Youtube med).

Og slik held det fram i spori som kjem etter: Endå um dei nedtrykte, kjensletunge innslagi er der, er musikken framfor alt sermerkt av noko mildt og fredfullt, det er noko varmt yver det heile. Likeins med gitarspelet, som lyder meir som ein fyldig vegg av ljod enn som individuelle riff. Slik sett er det ei plata som er greid å lyda til på dagar der ein



gjerne vil reflektera og sanna for seg sjølv at saker og ting gjekk slik som dei gjekk, men utan å verta altfor sentimental.

Ygg - Ukrainarar med sans for det nordiske

Av Ornella Winter

Ei ny svartmetallgruppa frå Ukraina hev sett dagsens ljøs. Ygg kallar dei seg, og som det skulde gå fram frå låttitlar som "Urd, Verdandi og Skuld" eller namnet på gruppa sjølv (Ygg er eit anna ord for Odin), so er det emne frå norrøn mytologi som er temaet for plata.

Millom dei som er med finn ein millom anna tidlegare medlemmer i kjende grupper frå same land som Nokturnal Mortum, Khors og Svyatogo. Ventnadene var difor store då eg for fyrste gongen let albumet med same namnet som gruppa få snurra i platespelaren.

Og eg vart ikkje vonbroti. Heile sju spor er det på plata, og alle hev sitt. Tunge og seige riff byggjer seg langsamt opp gjennom dei ulike låtane, og jamvel um kvar song i varar 7-11 minutt, so vert det aldri uttværande, takk vere alle dei fine nyansane som ein med ei trenøyra kann fanga opp. Varsame innslag av munnharpa, tangentfjøl og bylgjebrus (!) gjer sitt til å byggja opp den sereigne stemningi på plata. Det må elles segjast at riffi i låta "Krov" (Blod) hev nam i seg til å gjera låta til ein aldri so liten "øyreorm"...



Jacques Brel - Når ein berre hev kjærleik

Av Ornella Winter

Edit Piaf kjenner nok dei fleste til, men kva med Jacques Brel (1929-1978)? Båe tvo var lysande stjernor innanfor fransk musikkliv, og båe tvo reiste i førtiårsalderen so altfor tidleg i frå oss - grunna kreftsjukdom.

Belgiaren Jacques Brel hadde etter måten mange talent, og det musikalske var berre endå ei ny sida ved seg sjølv som han kom til å oppdaga i vaksen alder:

Berre 15 år gamal hadde han skrive hopetal med dikt og novellor, kveikt av forfattarar som Jules Verne og Jack London, og då han var 16, skipa han ei teatergruppa som framførde hans egne stykkje.

Faren hans fær honom med i familiebedrifti "Vanneste & Brel", der han frå 1947 til 1953 arbeider i salsdeildi, men utan nemnande interessa for denne verksemd.

For på dette tidspunktet er det muskar han hev lyst til å verta. Han komponerar dei fyrste songane sine på familien sitt piano, og det utan å nokon gong ha drive med musikk tidlegare. Frå 1952 av framfører han sin eigen musikk i ymse slags huslydshøve. Familien

ser at han verkelegt hev noko å fara med, og oppmodar honom um å gå vidare med musikken. Brel reiser so til Paris, der han freistar gjera eit livebrød or musikken sin.

I 1956 kjem so gjenombrotet, "Quand on n'a que l'amour" ("Når ein ikkje hev anna enn kjærleik"). Frankrike er midt i Algerie-krigen, og songen er frå Brel si sida ein freistnad på å skildra den maktesløysa som vanlege folk kjenner andsynes denne krigen. Songen sermerkjer seg med den dramatiske progresjonen i både melodi og songrøyst som seinare er vorten kalla eit "brelsk crescendo".

I slutten av 1959 kjem tvo nye klassikarar, "La valse à mille temps" ("Vals til tusund") og "Ne me quitte pas" ("Gakk ikkje frå meg", ein av dei fåe songane som kann bringa meg til tårer). I åri som fylgjer vert han so umtykt at han kann halda fleire konsertar enn det er dagar i året - gripande konsertar der han er vel so mykje skodespelar som han er songar.

Brel opplever dramatiske hendingar i familien sin, og byrjar skriva meir og meir dramatiske songar med - som "Amsterdam" i 1964.



Med "Ces gens là" ("Dei folki der burte") er han i 1966 på høgdi av si musikalske makt, men det er nett då at han finn ut at han vil gie seg medan leiken er god. I ti år er han aktiv som skodespelar innanfor film og teater, fyre han i 1977 kjem attende med den siste plata si, "Les Marquises", som vert seld i milliontals næme. Atterkoma er likevel meir for eit farvel å rekna, for på denne tidi er han allereide ålvorleg kreftsjuk, og året etter er han daud.

David Bowie og Celine Dion er millom dei mange artistane som seinare hev spela inn egne tolkingar av songane hans.

Frakass er attende!

Av Ornella Winter

Ei gruppa som alltid leverar varone er det tjodlynte franske metalbandet Frakass. Jamvel um det ikkje var meir enn eit år sidan sist gong, tykte me difor allereide at me hadde venta lenge nok då dei endelegt var attende i oktober med "L'appell des dieux" (Kallet frå gudane). Og etter nokre gjennomhøyringar er det berre å slå fast at Frakass kjem med varone: Tonerik kraftmetallmusikk med tekster som for det meste krinsar seg um historiske, kulturelle og spirituelle emne - og her og der tillet dei seg jamvel å gjera det klårt nok kvar dei stend politisk. I låta "Aux armes" ramsar dei upp ei rad nedslåande fakta for dei som uroa yver framtidi åt Europa: Ulovlege

innvandrarar vert ikkje utviste, millionar fær tvert imot både opphaldsløyve og statsborgarskap. Islam i Europa vert ei sterkare og sterkare kraft å rekna med. Og i media vert vandskelege tema halde utanfor fokuset åt ålmenta. Likevel: Dei lovar vidare å aldri gjeva upp kampen for eit fransk Frankrike og eit europeisk Europa ("Pour la France et l'Europe"), for me er pliktar å føra vidare dei tusenår lange bandi til forfedrane våre ("Lièes pour 1000 ans").

Dei fleste songane er bygde upp kring den same formelen: Akustisk arpeggiospel med einfelde samklangar (det meste i A- og C-moll), og dinæst byggjer låta seg upp til dess



at det verkelegt brakar laust (og då med dei same akkordane som enda meir einfelde kraftakkordar). Ja, det er ei uppskrift som er einfeld nok, men som stend seg på den måten!

Goatmoon - Finsk svartmetall

Av Ornella Winter

Når det kjem til finsk svartmetall, er einmannsprosjektet Goatmoon heilt klårt millom mine fremste favorittar. Ventnadene var difor store då gruppa i fjor kom ut med den nye fullengdaren, "Varjot". Til mi store gleda held Goatmoon fram som dei stemnar: Kald, brutal og dyster svartmetall, men jamvel med varsame innslag av folkemusikk - endå det til lukka aldri tippar yver i det pompøse slik ein elles hev sett ofte nok hjå andre finske grup-

por som Finntroll og Korpiklaani. Det er framleis intelligente riff og hardlynd toneskjelvplocking som driv fram melodien, jamvel um dei sumtid vert fylgde av eit leikande fløytespel.

Alle spor på plata hev sitt, men skal eg draga fram nokre høgdepunkt må det verta "Storming through the white light", "Quest for the goat" og "Valley of Shadows".



“Death in June” og “Of the Wand & the Moon” i København

Av Stig Andresen

Spaningi steig i taket då eg via den sporadisk oppdaterte men høgkvalitative svenske nyfolkbloggen neovolk.blogspot.com slumpa yver at den britiske musikkgruppa Death in June skulde halda konsert på Pumpehuset i København, sundagskvelden den 23. oktober.

Eg hev aldri vore gruppa sin største tilhengjar, men dei hev alltid vore til stades i min venekrins: dei er vortne kalla den mest populære undergrunnsgruppa på kloten. Via bloggen kunde ein lesa at europaturnéen mest sannsynleg kom til å røyma deira siste konsertar nokosinne, sidan dei i år feirar 30 år med gruppa, endå sume medlemer framigjenom er vortne bytte ut. Den eine personen som alltid hev vore fast er britten Douglas Pearce (no busett i Australia), som oftast kalla Douglas P. Han er songaren og hovudgitaristen i gruppa, medan det stadig endrar seg kven han elles spelar med: millom anna hev David Tibet frå Current 93 (umtala i Målmannen nummer 3. 2001, årgang 9) spela mykje med Death in June. Billett vart innløynt til under tvo hundrade kronor, og reisa var kort etter i boks.

Konsertdatoen kraup seg nærare, og Målmannen sin utsende skrivar enda ved eit slumpetreff upp på ei liti brun kneipa snaudt større enn ei stova i tjukkaste København. Der hadde 30 feststemte svenskar med fyremunen av eit ljontog frå Malmö utifrå stemningi tydelegvis varma upp til den etterlengta konserten eit bel. Skandinavisk forbrødring millom danskar, svenskar og nordmenn gjorde dette til ei triveleg oppvarming innan me laut setja i veg til konsertlokalet Pumpehuset. Eit konsertlokale som skulde syna seg å vera sers høveleg til den utselde konserten med 650 betalande gjester.

Gjestene var, som venta, samansett av eit samansurium av ulike subkulturelle og klassiske innslag, og sjeldan hev eg sett so mange dresskleddede menn med feltklypp njota sin gin og tonic i godt lag. Det var verdt turen åleine å uppliva stemningi blant tilskodarane. Death in June hev sitt opphav i det britiske punkmiljøet på 70-talet, men dei hev sidan den tid utvikla musikken sin i mange retningar, og hev til slutt enda upp i ein utvida nyfolksjanger dei var med på å skapa i si tid.

Douglas P byggjer mykje av sitt ry på si evna til å brjota ned tabu og si lefling med sokalla «fårlege» symbol. Han «er» ingenting serskilt i nokor som helst slags politisk elder kulturell leid, men han er glødande forviten etter den europeiske saga og det einaste han hev som sitt mantra, um eg skynar honom rett,



er at ingenting er for «kontroversielt» til at ein kann tala (og ikkje minst sjunga!) um det.

Musikken inneheld jamt og samt einast trumbor, gitar og Douglas P si monotone røyst som ofta gjentek dei same frasane gong på gong etter gong, men det fungerer fint som stemningsskapar, endå um dei musikalske evnone kann henda ikkje er dei heilt store. Her var gruppa si nyaste plata eit brot med tidlegare utgjevingar: Peaceful snow frå 2010, med einast Douglas P si røyst og pianospeling attåt som musikalsk preg gjennom heile plata, likevel til glitrande kritikkar. Kvelden sitt program byrja morosamt nok med at Douglas P kom på scenen og rigga upp sitt eige utstyr utan noko vidare krimskrams, og tysta ned jubelen med eit strengt vift med handi. Han gjekk frå scena då alt var sett upp, og brått entra den danske oppvarmingsgruppa Of the Wand & the Moon scenen, med sin skjeggute hovudmann Kim Larsen i front, og til ei forandring seks medspelarar (han plar ofta halda konsertane sine åleine med gitaren sin). Ein duk attum spelemennene blafra i gang med livande filmklypp til musikken, og eit heidundrande fyrverkeri av musikk og film byrja. Musikken deira høyrer til i nyfolksjangeren, han med: det er melodisk folkemusikkinspirert gitarmusikk med innslag av elektronika. Ein samansett sjanger ulikt det meste anna, med andre ord.

Ogso med denne gruppa er dei hevdvunne innslagi frå den europeiske saga framskotne, med låtar skrivne rundt emne som den tapte tradisjonen frå det førkristne samfunnet, kjærleik til Europa og ikkje minst ei generell melankolsk verdsåskoding. Dette er ein av dei beste oppvarmingsnummerer eg nokosinne hev sett, og dette skulde setja standarden for kvelden som fylgde. Låtar som Shine Black Algiz, I Crave for You og Sunspot (alle tilgjengelege som konsertupptak på Youtube.com) tona utyver salen, til ålment

jubelbrus. Endå ein gong skulde eit ein-skildsinnslag vera verdt turen åleine!

Dei onnuge danske musikanerane gjekk or scena, og inn kom Douglas P med si velkjende kvite karnevalsmaska og sin feltuniform, hamrande rytmisk laus på marsjtrumbor. Stemningi i salen nådde nye høgder, og heile tredve låtar skulde fylgja! I bakgrunnen var filmklyppi bytte ut med tvo ostore flagg med ei raudfarga svart sol til vinstre og ein daudingskalle til høgre, noko som var med på å skapa ei monumental stemning for dei oppmøtte. Låt etter låt etter låt fløyndde ut til tilhøyrarane, alt saman utført av einast Douglas P med sin gitar og sine marsjtrumbor, pluss ein mann med trumbesett sitjande bak honom. Med kvart gjekk låtane mest yver i ein annan for meg som i utgangspunktet trudde eg ikkje var den største tilhengjaren av den kanskje litt monotone musikken, men eg oppdaga med kvart at mitt undermedvit kunde sjunga med på nærsagt alle låtane, so noko må ha fest seg frå venekrinsen sin musikk. Ei oppliving eg ikkje vilde ha vore forutan! Velkjende låtar som Leper Lord, All Pigs Must Die, Fields of Rape, The Death of the West, Kameradschaft, Little Black Angel og She Said Destroy kom som dei velkjende perlane på ei snor til ein gyngande sal som koste seg med musikken, dei framømte i alle sine former og sjølv sagt ein stram gin og tonic til prisen av 45 danske kronor.

Ein nær sagt magisk kveld var umme, og til slutt forlet branden Douglas P scenen og med det sin kanskje siste konsert nokosinne. For Målmannen sin utsending var notti enno ung, og i godt lag med svenske og danske vener skulde kvelden ganga yver til morgongry innan hotellet lokka med nokre fåe timar svevn fyr i ein laut på hovudet ut. Livet som høgnorsk mann er einstyddande med lite svevn og mange plikter, men det er likevel eit godt liv.

Eivør Pálsdóttir - mangslungi songarinne frá Færøyan

Av Megan Leo

*“Min móðir hon er sum ein drottning
Hon er sum tað vakrasta lag
Min móðir hon er sum ein blóma
Hon er sum eitt livandi tré
Min móðir er heim mitt kára
Min móðir mitt tryggasta stað”*

Eivør Pálsdóttir er ein av dei mest sermerkte musikanne som hev stada fram i vár tid. Ho er fødd på Færøyan, og songen Min móðir speglar att ein brennande kjærleik til heimlandet hennar, og den fagre naturen.

Millom musikalske stilar tar som ho hev vore innum finn ein jazz og folkemusikk (jamvel i si mest primitive form med vill trumming, slik ein kann fyrestella seg at shamanar frá vikingtíð gjorde det, og soleides med appell til dei som hev ans for heidensk folkemusikk), elektronika og popmusikk, og klassisk.

Denne dynamiske skandinaviske songarinna byrja karrieren allereide tolv ár gamal då ho reiste til Italia for å vera solist i lag med det færøyske mannskoret. På den tíð ho var 16, so hadde ho allereide havt fram-syning på TV, vorte med i ei musikkgruppa og gjeve ut sitt eige soloalbum. Áret var 2000 og 16-áringen var på plateumslaget i tradisjonell færøysk klesdrakt. Songane át dette sers mangslungne arbeidet lydde ofte jazzpáverka og utprøvande, alltid med pálsdotteri si sjelfulle, eitrande røyst - som skapte ei heilt sermerkt stemning i det kreative ljodbilætet.

Diskografien hennar Eivør er upp til i dag sett i hop av 8 offisielle utgjevingar, inkludert konsertplata “Eivør Live” og ein EP som fylgjer den tungt elektroniske “Larva”, som er siste plata hennar. Eit høgdepunkt på konsertplata hennar er det framifrú stykkjet “Frostrósir”, framført på islendsk tungemál,



saman med det islenske symfoniorkesteret.

Pálsdotteri hev ei rekkjeydd og ei kraft i røysti som høver godt til klassisk musikk, og framføringane hennar hev fenge god mottaking. I landet át dei varme kjeldone er ho serskilt godt umtykt. I fire ár studerte ho musikk i Reykjavík, og ho fortalde til bladet Scan at “ho vart hugteki av byen og landet. Me hev dei same ordi, men sumtíð er tydingi den motsette”.

Ho syng helst på sitt eige færøymál, mávita, men ho hev sunge på andre mál med, serskilt skandinavisk og tysk. På den fyrste plata hennar hadde ho tvo danske musikkstykkje. Seinare hev ho jamvel byrja syngja på engelsk, og ho freistar knyta ulike slags sprák til ulike slags sinnsstemningar og mátar á uttrykka seg på musikalsk: “Eg likar syngja på engelsk med, det er ein annan ljod. Eg hev alltid vore glad i sprák. Det er ulike fargar i islendsk, svensk og norsk, og det er

det moro á leika seg med,” skal ho ha sagt.

I ei tíð då musikaner gjerne byggjer myrke bilæte og leide røynslor inn i kunsten deira, so kjem Pálsdóttir med ein frisk pust som ovrar seg som sjelfull og ekte. I svenskspráklege “Må solen alltid skinna” heiter det:

*“Må solen alltid skina och läka dina sår.
Må regnet alltid smeka och skölja bort din tår.
Må lyckan vara vännen din och följa dina spår
och i världens alla stormar jag alltid med dig går.
Jag alltid med dig går.”*

Den álmenne utstráingi át denne songarinna er noko for seg sjolv, med dei sjelfulle tekstene, den både søte og mektige framferdi på scena, og det positive huglaget.

Eivør Pálsdóttir er nett no på konsertferd på Island, etter å ha fullført ei sers vellukka konsertferd i Danmark. Ho er framfor alt kjend i Skandinavia, men hev fenge jamt aukande átgaum i andre land med - etter å ha spela Marilyn Munroe (ikkje mange er klár yver at ho var norskamerikansk) i kanadiskproduserte “Anyone Can See I Love You”, ein opera av Gavin Bryars.

Det som gjer Eivør so serskild er evnone ho hev til å vera so eklektisk, so unik, og samstundes fullt røtt i eige upphav og med slik ein kjærleik til heimstaden sin. På heimsida hennar heiter det at ho er “drivi av lidenskapen for musikken, ho er djupt røtt i den sterke fedrea-rven i heimlandet hennar. Det som gjer henne so serskild er ikkje berre den kveikjande røysti som kann taka pusten frá nokon kvar, men det at ho er ein so allsidig kunstnar – målar, forteljar, skald og låtskrivar. All denne skapande energien samlar seg i eit trollbindande uttrykk på scena, som er i stand til å røyva dei inste og uutforska kjenslone hjá tilhøyrarane.”

Sinister Howling i Speyer, Tyskland

Av Olav Torheim

10. september 2011 var det for det andre gong duka for Sinister Howling i Baden-Württemberg - festivalen som er át å verta det nye samlingspunktet for den harde undergrunnen innanfor doom- og eksperimentell metal.

På scenen denne gongen stod Hasserben (Frankrike), Essenz (Tyskland), Forgotten Tomb (Italia), Betlehem (Tyskland), og Aluk Todolo (Frankrike) - med sistnemnde som avsluttande hovudattraksjon.

Málmannen sin utsending hadde i dette høvet gleða av å både få fribillett til festivalen og å få slå av ein prat attum scenen med karane attum Alek Todolo. For dei som ikkje



Málmannen-redaktøren i ordskipte med karane i Aluk Todolo.

kjenner denne gruppa allereide, vil me stutt slå fast at gruppa stend for ein eksperimentell metallmusikk som knyter saman både sekstials krautrock, svartmetall og reinhekla støy, i

ein miks som ikkje er so god å skildra på ein måte som yter gruppa rettferd, og som difor eigenlegt berre må høyrast..

Det nordiske verdsbilætet

Av Siv-Kari Hjelmås Johansen

Heilt til å byrja med so vil eg tala um dei grunnleggjande opphavsmytane i den nordiske kosmologien.

Dinæst kjem eg til å taka fyre meg dei viktugaste nordiske gudan. Til slutt skal eg tala um runane, det gamle germanske alfabetet som jamvel vart nytta til magiske fyremål.

Dette stykkjet vert naturlegt nok berre ein stutt introduksjon til sume av dei viktugaste og mest grunnleggjande emni, men eg vonar det er nok til å vekkja interessa hjå lesaren til å gå nærare inn i tematikken på eigi hand.

Kosmogenerese (Mordet på Ymir)

Heilt til å byrja med, so fanst det ikkje noko meir enn tvo primordiale verder, Nifelheim (is) og Muspelheim (eld), skilde frå einannan av ei endelaus kløft (Ginnungagap).

Eld og is møtest, og skaper jotnen Ymir og urkui Audhumbla. Ymir livnærer seg på mjølki frå Audhumbla, medan Audhumbla nærer seg av å sleikja salt frå isen.

Ymir lyt vera einkvan slags hermafroditten, for han fær ei dotter frå den eine armhola si, og ein son frå hi.

Kui Audhumbla, på si sida, fær ein mann til å koma ut or ei isblokk, med di ho formar blokki sleikjande. Mannen heite Buri, og han skal verta stamfaren åt æsene. Barneborni åt Buri, Odin og brørne hans, Ve og Vilje, drep Ymir. I blodbadet som fylgjer druknar alle dei hine jotnane, utanum eitt einaste jotnepar, i blodet åt Ymir.

Frå kroppen til Ymir vert Kosmos skapt av Odin og brørne hans:


Beini hans vart til fjell. Kjøtet hans til jordi, der ormane som livnærer seg av kjøtet er dvergane som liver under jordi. Heilen hans vart til skyer. Hovudskallen hans er himmelkvelvingen, som vert halden uppe av dvergane Nord, Sud, Aust og Vest.

Odin og brørne hans skaper vidare dei fyrste menneski, Ask og Embla, frå tri timberstokkar: Odin gjev dei pust, Ve gjev dei medvit, og Vilje gjev deim dei seks sansane.

Kosmologi (dei ni verdene)

Den ferske doktoravhandlingi åt Nanna Løkka, "En analyse av topografi og kosmologi i gudediktene av den eldre Edda", hev nylegt synt at den poetisk eddaen er tufta på eit verkelegt eksisterande fyrrkristelegt verdsbilæte.

Den poetiske eddaen fortel um ni ulike verder. I den moderne åsatrui hev ein freista systematisera informasjonen i dei gamle norrøne tekstene, og ein klassifiserar dei ni ver-



Odin sitjande på truna i Valhall.

dene på denne måten:

I himmelen (Asgard):

1. Muspelheim
2. Åsgard
3. Alvheim

På jordi (Midgard):

4. Vanaheim
5. Midgard
6. Jotunheim

Under jordi (Utgard):

7. Svartalvheim
8. Hel
9. Nifelheim

Verdstreet Yggdrasil (ei ask, til liks med den fyrste mannen) knyter dei ulike verdene i hop med einannan. Greinene strekkjer seg høg inn i himmelen, medan dei tri røtene gjeng gjennom dei ulike verdene fyre dei endar i kvar sine brunnar.

Jotnane og gudane, slik me finn dei i den nordiske mytologien, er abstraksjonar av ovringar i naturen og i menneskesinnet. Me kann skilja millom gudar og jotnar, jamvel um gudane med hev jotnar millom forfedrane sine.

Tvo slags gudar:

-Æser (representerar dei maskuline eigenskapane, og dessutan dei sosiale klassane åt prestar og krigarar i det tradisjonelle samfundet). Æsene er etterkomarar på mannsida etter Buri (me hugsar at han vart sleikt ut or ei isblokk av urkui Audhumbla).

-Vaner (representerar dei feminine eigenskapane, og den sosiale klassen åt bøndene).

Vanene og æsene låg i si tid i krig med einannan. Kor som er, ingen av partane var i stand til å vinna krigen, og det enda med at dei slutta fred og utveksla gislar med einannan. Denne "grunnleggjingskrigen" høyrer til millom dei grunnleggjande mytane åt det indoeuropeiske samfundet.

Jotnane

-Representerar dei ville og utemde kreftene i naturen, kaoset.

Me minnst at det fyrste livendet var jotnen Ymir, som vart myrda av Odin og brørne hans. Vergelmir og kona hans, dei einaste jotnane som ikkje drukna i blodbadet, er forfedrane åt alle dei jotnane som enno er i live.

Med andre ord, utan mordet på Ymir, hadde ikkje verdi vore til slik som me kjenner henne. Det er gjennom kampen mot dei ville kaoskreftene at menneski og gudane kann halda seg i live i denne verdi.

Æsene

Eg kjem attende til dei viktugaste gudane millom æsene:

Odin - den høgaste guden millom æsene. Namnet hans, Odin, kjem frå proto-germansk "Wodanaz". Røtene åt dette ordet finn ein framleis att i moderne tysk: "Wut", som tyder sinne eller oppøsing. Odin er samstundes både herforar, magikar og poet.


For å halda seg orientert um alt det som hender seg i verdi, so sender Odin ut dei tvo ramnane sine, Hugin og Munin (refleksjon og minne).

Visdomen sin hev Odin fenge etter å ha drukke frå Mimirsbrunnen (den eine av dei tri brunnane som vatnar Yggdrasil). For å få lov til å drikkja frå denne brunnen hev han vore nøydd til å ofra det eine auga sitt. Ein lyt med andre ord lida for å få kunnskap (og det at berre ein einøygd person kann vera allvis, tyder samstundes på at denne allvissa er verre å nå fram til enn ein skulde tru. Berre eit innsnevra perspektiv kann få ein til å tru at ein hev henne).

Tor - son åt Odin. Han reiser gjennom verdene med ei vogn dregi av tvo bukkar. Tor er den einaste guden som hev fysisk styrke nok til å måla seg med jotnane, og han kjempar imot dei med hamaren Mjølner. Når lynet slær, er det Tor som slær med Mjølner. Med toreveret kjem regnet med, naudsynt for å kultivera jordi, og Tor er soleides både ein krigargud og ein gud for grøderikdom.

Balder - son åt Odin. Han er kjelda åt ungdom og uppattnying. Men Balder døyr, og Balders død er eit varsel um at gullalderen åt æsene er forbi. Etterpå gjeng verdi inn i ei vedvarande forfallstid, som til slutt kulminerar med eld og blodbad i Ragnarok.

Loke - Ein gud av spalta natur. Mor hans skal ha vore ei asynje (kvinneleg ase), medan far han var jotne, og han er soleides av blanda



Figur 1. Den svarte soli.

upphav. Loke er ikkje den einaste millom æsene som hev jotnar i stamtavla si, ikkje so reint fåe andre hev mødrar av jotneætt. Kor som er, for dei hine æsene spelar ikkje dette nokor stor rolla, for det er farslina som tel.

Grunna det blanda upphavet sitt greider ikkje Loke å integrera seg millom æsene. Med jotnefrua Angerboda (ho som gjer vonde gjerningar) fær han ungane Fenrisulven, Hel og Midgardsormen. Det er Loke som syter for at Balder vert myrda, og på den måten er det han som fører æsene mot undergangen (soleides er slutten på gullalderen åt æsene eit resultat av vantande etnisk homogenitet).

Runane

Runane vart nytta som alfabet i det gamle nordiske samfundet. Dei eldste runeinnskripsjonane er vandslege å tyda, og det finst nøgdi med ulike og motstridande teoriar um korleis runane vart til. Namnet "rune" i seg sjølv tyder "løyndom", og indikerar soleides at kjennskapen til runane var for ein eksklusiv elite.

På same måten som han laut gjera for å få visdom, so laut Odin gjera ei smertefull ofring for å kunna tyda runane. Heile ni netter laut Odin fyrst hanga i Yggdrasil-treet (namnet Yggdrasil kann i seg sjølv tolkast som "Odins hest" eller "Odins galge"), stukken med ei lansa:

*Eg veit at eg hekk på vindalt tre
næter heile nie,
med geir-odd såra og gjeven Odin,
gjeven sjølv til meg sjølv
oppå det treet som ingen veit
kvar det av rotom renn.*

*Ikkje braud dei bar meg, og brygg ikkje;
ned eg nidstirde, tok upp runer,
ropande tok dei,
ned att der frå eg fall.*

[...]

*For æser Odin,
for alvar Dâin,
Dvalin for dvergjar.
Allsvinn dei for jotnar skar,
eg riste sjølv sume.*

*Veit du å riste dei?
veit du å råde dei?
veit du å farge dei?
veit du å freiste dei?
veit du til bøn dei?
veit du til blót dei?
veit du å sende dei?
veit du å stogge dei?
(Or Håvamål).*

So korleis skal me tyda deim?

Til lukka treng me ikkje um å hengja oss i eit tre for å få eit visst innblikk i runane. For det finst heile tri ulike runedikt som fortel oss um tydingi av dei ulike runane (eit angelsaksisk, eit norskt og eit islendisk).

Den eldste futharken, sett i hop av 24 runar, er kløyvd upp i tri ulike ætter:

Det er Frøy-ætti (dei byggjande kreftene), Heimdal-ætti (dei vernande kreftene) og Ty-ætti (dei øydeleggjande kreftene). Her ser me med andre ord ein trifunksjonell struktur som korresponderar til det indoeuropeiske samfundet (bønder, krigarar, og prestar).

Eg kjem no til å taka fyre meg nokre fåe utvalde runar, og tydingi av desse (eg vel då å nytta meg av Uthark-interpretasjonen, <http://home.swnet.se/~w-93783/uthark/uthark.html>):

Um ein vel Uthark-representasjon av runane, vert sekvensen av dei ulike runane i seg sjølv eit bilæte på korleis verdi vår er vorti til.

1. Ur-Rune (Frøys ætt). Den fyrste runen i alfabetet representerar den primordiale, skapande kraft: Den ville og utemde ur-uxsen, uppstoda av kosmos.

13. Eiwaz-runen (Heimdals ætt) er eit tre, og symboliserar sjølv verdstreet Yggdrasil.

15. Sowilo-runen (Heimdals ætt) symboliserar som namnet segjer soli, som gjev oss lukka og visdom.


16. Tiwaz-rune (Tys ætt):Æra, rettferd, leidaraskap og autoritet.

20. Lauk-runen (Tys ætt):Vatn, fræve, fornying.

23. Odal-runen (Tys ætt): Denne runen symboliserar fedrearven, kulturen, tradisjonen og forfedrane våre.

24. Fe-Rune (Frøys ætt): Den siste runen symboliserar fullbyrdingi av det skapte kosmos. Medan Ur representerte den ville, primordiale ur-uxsen, representerar Fe (buskap) den temde uxsen.

Noko som er serskilt med runane, er at tydingi deira skifter til den motsette um ein snur dei. Eit døme er Ur-runen, som normalt målber dei primordiale, skapande kreftene, men som um ein snur honom representerar Ginnungagap og ein retur attende i kaoset. Eller Tiwaz-runen: Um ein snur honom, rep-



Figur 2. Yggdrasil med dei ni verdene, representert med ein Eiwaz-rune.

resenterar han ikkje lenger livet, men dauden. Det same gjeld for Sowilo-runen: Um ein snur honom representerar han ikkje lenger ljuset, men snarare myrkret.

Dei gamle indoeuropearane, fortel forskarane oss, kann ha havt det same ordet for både sol og for himmel. Dei hev trulegt sett fyre seg at det på same måten som det finst ein sol-himmel som gjev oss ljøs, lyt det vera ein sol-himmel som gjev myrke.

Øg lat oss no taka sol-runen og snu honom slik at han representerar myrkret. Dinæst legg med 12 inverterte sol-runar i ring? Kva er det me fær? Jau, eit symbol arkeologar ofte finn på ornamentskivor, den svarte soli! Sjå fig. 1.

Eit runisk kosmos

Runane er magiske, og magi handlar som kjent um at saker me finn i mikrokosmos stend i analogi til det som hender i makrokosmos.

Eit godt døme, som illustrerar korleis runealfabetet heng nært saman med heile det nordiske verdsbilætet, er at ein kann teikna upp Yggdrasil-verdstreet som ein Eiwaz-rune. Eiwaz-runen kann ein atter kløyva upp i tvo lauk-runar. Den eine lauk-runen er snudd mot Muspellheim og representerar heitt, kokande vatn, medan den andre lauk-runen er snudd mot Nifelheim og representerar kald, frosen is. Sjå figur 2.

Um me no fører resonnementet enno eit hakk vidare, kann me segja at Muspellheim og Nifelheim ikkje er røynelege verder, men snarare primordiale krefter, som i si tid hev skapt alle dei hine verdene, stend ein att med at Yggdrasil hev 7 verder som ein kann traversera frå botn (Hel) til topp (Asgard): Med andre ord dei same sju verdene som ein finn att i tradisjonell vesterlendsk og austleg mystikk (både hjå gamle Platon og i moderne teosofi vert det tala um sju sfærer, og innanfor yoga vert det tala um sju chakra).

Ei handbok for det tradisjonelle livesettet

Av Stig Andresen


A handbook of traditional living – theory & practice / Raido – United Kingdom : Arktos Media Ltd, 2010 – 84 s. ISBN 978-1-907166-06-8 (hf.)

«[...] besides the world of nature and ordinary perception two other levels of reality exist: one the supra-natural, directed upwards; and the other is the sub-natural, which leads downwards, to the nether regions» (side 27).

Det er nok ikkje alle lesarar av Målmannen som kjenner til den italienske baronen Julius Evola (1898-1974), elder den tilknytte italienske kulturforeiningi Raido med tilhaldsstad i Roma som er tufta på Evola sine idéar. Difor er ei kort utgreiding på sin plass. Baron Julius Evola var fødd på Sicilia av adelege foreldre, mor hans ætta frå ein av dei eldste italienske adelsættoner, og han vart uppseda på eii etter måten strikt katolsk vis. Livet hans skulde likevel syna seg å verta alt anna enn det borgarlege livet i velstand som han var esla ut til, men i staden skulde det verta eit søkande liv i radikale krinsar og med eit ettermæle fæe kann måla seg med. Julius Evola deltok i fyrste heimskrigen på den italienske sida som artillerioffiser, noko han skulde sjå attende på med gleda. Han gjennomførde ei strålende ingeniørutdanning heilt fram til den siste eksamenen, som han aldri tok med den grunngevingi at han ikkje vilde vera «borgarleg».

Evola er kjend for mange som ein av dei tvo fremste fremjarane av tankestraumen som gjeng under namnet Tradisjonisme (som oftast skriven med stor T, for å skilja denne religionsfilosofien frå den meir profane tradisjonisme i den vanlege tydingi av ordet, altså tradisjonstilhengjar av typen Mål og minne, og so burtetter), der den hin mest kjende er franskmannen René Guénon, forfattern av tradisjonalistiske klassikarar som “Crisis of the modern world” og “The reign of quantity and the sign of the times”. Evola sine mest kjende verk er nok hans magnum opus “Revolt against the modern world” (som tittelen gjev eit hint um var djupt inspirert av Guénon sitt verk “Crisis of the modern world”) og den «politiske» orienteringsboki “Men among the ruins”.

Denne handboki som skal drøftast her, er høveleg nok ei samanfatting av bae desse mest lesne verki til baron Evola, der dei er kondenserte ned til sine respektive artiklar “The world of tradition” og “The front of tradition”, der kvar utgjjer kring helvti av boki. Dei som hev samanfatta boki er nokre namn-



lause individ som då gjeng under namnet Raido. Dette er ei evoliansk kulturforeining som etter eigi utsegn arbeider, mykje likt med Målmannen, med å spreia gagnande kultur og tradisjon til eit hungrende Europa.

The world of tradition

Den fyrste bolken av boki er sett saman av sekstan kapittel som kvar for seg tek fyre seg ulike institusjonar og umgrip frå den tradisjonelle verdi, då ofte sett opp mot den, etter tradisjonalistane sitt syn, forfalne og dekadente moderne verdi. Her vert metafysikk, autoritet, kastane, innviing, lovi, symbolikk og mykje anna dryft på rad og rekkja. Naturleg nok vert det ordsnautd i høve til kva dei større tradisjonalistiske verki kann bjoda på, men dette er tilsikta som ei stutt handbok som gjev ei kjapp og likevel grundig innføring i dei sentrale umgripi innan tradisjonismen, og til dette høver ho godt.

Um ein kann segja at tradisjon stend for det å halda i hevd det ein fær or sine forfedrar, odla det og ikkje minst vidareformidla til dei som kjem etter oss, er ein inne på kva denne boki handlar um, um enn i verdsleg ordljud. Tradisjonistane ser på tilveret som ein lengt etter det heilage: det heilage i alle ting og i alt ein gjer gjennom dagen. Det er med andre ord umogeleg å ikkje sannkjenna det dei umtalar som det høgare prinsipp, Gud, um ein vil, og samstundes kalla seg sjølv tradisjonist. Det er nok likevel mange ikkje-truande som vilde finna seg sjølv sympatiske til tradisjonismen um han var meir utbreidd og kjend i samfunnet, sidan han jamt og samt målber det ein kanskje kunde kalla den gamle verdi (det keisarlege Japan innan 1945 er eit framifrå døme). Han er i stutte drag hierarkisk, monarkisk, religiøs, tradisjonstru, kulturmedviten og

ikkje minst søkjande opp mot den hi røyndi, altså dei sidone ved Universet det ikkje er alle som fær sjå med sine berre augo.

Tradisjonismen ser på kontakten millom det høgare og det lågare (altså menneskji) som det essensielle: å på nyo knyta band til det som er større enn menneskji (dei ser på desse bandi som brotne i det moderne sekulære og individualistiske samfunnet), dert er det edlaste og viktigaste livsmålet ein kann ha. Som dei skriv på side 25: «Tradition thus also stands for the preservation of the memory and identity of one's folk, which must constantly be renewed. Subversion, by contrast, represents oblivion: the loss of identity, and the rejection of any continuity with the past and any future prospect. The man of Tradition must always seek to defend this sacred order, striving with all his might to oppose chaos and injustice» (side 25).

Ei onnor forvitneleg sida ved boki er at ho på eit lettfattande sett gjer greida for korleis ein etter tradisjonalistisk teori kann hava gange frå den unekteleg meir mangfelde og prangande fortidi, til den no grelle og forfalne samtidi der masse menneskji styrer ordskiftet med hard hand tufta i sin paradoksalt intolerante toleranse tufta i ideali frå 1789. Tradisjonismen kann med andre ord tilbjoda eit motsett vis å sjå på soga i høve til det progressive og moderne som i dag er nær sagt ein-erådande.

Der den moderne humanistiske historikaren vilde sagt at ting vert betre og betre med tidi, vilde tradisjonisten sagt at ting vert stødt meir forfalle og materialistisk med kvart som åri skrid fram. Den tradisjonalistiske historiefilosofien er altså syklisk, med både opp- og nedgangande historiske syklusar, eit historiesyn som på verdsleg vis blei fronta av den tyske filosofen og historikaren Oswald Spengler (1880-1936) i tidi kring fyrste heimskrigen. Eit forvitnelegt motmæle til det rådande paradigmet er det, same kva ein måtte meina um det personleg.

The front of tradition

Der fyrste bolken av boki hadde eit forklarande syfte, er partl tvo av boki tiltenkt som retningslinor for korleis eit tradisjonelt menneskje skal føta seg best mogeleg i ei forfalli tid. «Those seeking to serve Tradition and who are led by a higher drive to overcome the conditionings of everyday life must foster not merely their own intellectual formation – initially one seeks in books the answers he cannot find elsewhere – but also a progressive

inner transformation» (side 49). Med andre ord er boki og tankesettet ikkje tiltenkt som ei rein intellektuell øving, men det er ikkje mindre enn venta at lesaren skal uppliva ei indre umforming som skal gjera han til eit betre menneskje, same kva utgangspunkt han hev.

Det som ogso er spanande med boki er at den vil tekkjast alle menneskje same kva bakgrunn dei hev: kristne, buddhistar, intellektuelle, arbeidarar, japanarar, nordmenn og so vidare; det som skil dei vil verta det som sameinar dei, sidan dei alle vil liva i vern av sitt eige og fremjing av den positive etniske kultur. Det tradisjonelle tankesettet er tenkt å siva inn i kvart fiber i lesaren sin kropp, og slik påverka honom i den leidi at alt ein gjer fær ei høgare meining og er tufta i det som er ævelegt. Boki vil ogso gjera lesaren merksam på at det finst vonde krefter både millom menneskje og det som høgare er som freistar å

forvri kvart eit ordskifte og kvar ein tankestrøm i ei fånyttens retning der det renn burt i negativitet og fortvilning. Å hava dette i tankane medan ein lever sitt liv, er neppe noko som kann skada menneskji, same um ein trur fullt og heilt på det elder ei.

Boki tek vidare fyre seg korleis ein med einfelde mentale steg kann verta ei positiv kraft i sitt nærmiljø og på det settet draga til seg andre positive tradisjonelle menneskje, for so saman på sikt verta ei formidabel positiv kraft som kann gagna heile samfundet og draga det i tradisjonell leid. Det skal segjast at boki er skrivi av italienarar, so sume lesarar kjem kanskje til å bisna på at språket kann virka litt oppblese i høve til kva ein er vand med, men det er likt til at syftet er å lyfta lesaren upp i sinnstemning, og på det settet høver språket godt.

I eit Europa og Norden med det som unek-

teleg er store økonomiske, kulturelle, økologiske og etniske utbjodingar innan snar framtid, kann nok den kjensla av ei grunnleggjande oppgjerd med heile den progressive tanken som boki gjev vera oppfriskande, um ein so er samd med det forfattarane legg fram elder ei. At eitkvart er riv ruskande gale i ei verd der me er vortne ein milliard fleire menneskjer på tolv år (og dette vert feira verdi yver!) er det vel fåe tenkjande menneskje som vil neitta for i dag, same kva slags politisk og kulturelt syn, og i so måte kann andeleg medvitne bøker av dette slaget vera eit friskt pust i ein elles ikkje serlegt mangfeld bokmarknad. At boki diverre, for no, er på engelsk fær ein helder sjå gjennom fingrane med. Kven veit: kanskje ser ein henne brått tilgjengeleg på høgnorsk; det hadde vore i den mangfaldige anden boki hevdar å fremja – fram med den positive kultur i alle lag!

“Rock’n’ball”

Av Gilles Malpertuis

Rock’n’Ball,
Julien Ruzé,
Editions Lazarte,
273 sidor.


Dei britiske forfattarane Irvine Welsh og John King hev allereide gjeve oss livande skildringar frå livet åt dei tøffe karane på tribunen. No kjem Julien Ruzé med den fyrste romanen som tek fyre seg hooligans i Frankrike.

Handlingi spelar seg ut i år 2015, i eit Paris der utryggleiken rår, og med yvervakingskamera og andre slags tryggjingsåtgjerder yveralt. Midt uppi dette finn me heltane våre, ei gruppa unge fotballfans knytte til ein stor parisisk fotballklubb.

Jamvel um det er den moderne og langt på veg kommersialiserte fotballverdi som danar råma for aktivitetane deira, so er det framfor alt identiteten åt byen deira som

dei vernar um, fargane åt klubben deira, kameratskapen og samhaldet millom gode vener. I det heile livesettet åt vanlege innfødde franskmener (“petits blancs”) frå millomklassen som ser verdi deira bryta saman under det duble trykket frå ei massiv innvandring og frå ein brutal global kapitalisme. Fotballbanen verkar her som eit utkrystalliserande prisme, der dei daglegdagse episodane vert sette i eit større perspektiv.

Denne sosialt engasjerte romanen gjev oss lyklane til å skyna den motkulturen som hooligan-rørsla målber, både når det gjeld klede, musikk og litteratur. Langt frå dei typiske klisjèane og vanlege oppfatningane, so syner denne romanen oss at dei fotballfrelste rampegutane slett ikkje utan vidare kann avskrivast som ein kulturell og moralsk baktropp. Dei er snarare folk med sin eigen etikk, sine eigne kulturelle kodar,



og med eit kritisk blick på utviklingi av samfundet vårt.

Denne boki skildrar dessutan dei mange åtaki på fridomen vår, sette brutalt i verk av systemet for å slå ned på rebellar som ikkje er viljuge til å bøygja nakken. Som dei sjølve slær fast, “Ces couleurs ne courent jamais” (desse fargane flyktar aldri).



NYNORSK
ANTIKVARIAT
www.nynorskantikvariat.no



Nynorsk Antikvariat AS
Hulgata 11
4900 Tvedestrand
Telefon 37 16 66 66
E-post: tinging@nynorskantikvariat.no

Antikvariatsbokhandlar
Arne-Ivar Kjerland
E-post: Arne-Ivar.Kjerland@nynorskantikvariat.no
Mobil: 928 29 098

B



ISSN-1503-2469

Vinland, Skandinavia og Sambandsstatane

Av Megan Leo

Artikkelforfattaren kjem frå Connecticut i Sambandsstatane, med forfedrar frå Sverige og Tyskland.

Kring 1825 gjekk dei fyrste nordmennene frå Stavanger umbord på skipet „Restaurationen“. Sambandet millom Vinland/USA og Skandinavia er meir enn 1000 år gammalt og bandi er vel kannhenda djupast millom Noreg og Amerika, i alle fall like djupe som dei millom Nord-Amerika og England og andre nasjonar, land som folk hev reist i frå, av di dei vilde slå seg ned i Amerika ein gong for alle.. Tyder ein det ut vidt, lyt ein segja at Vinland stend for kysten av Nord-Amerika. I det indre livet åt etterkomararane frå skandinaviske forfedrar, hev det kome til å stå for kvar som helst i Nord-Amerika der nordiske folk hev slege seg ned i tidlegare tider og i dag.

Grænendinga Saga og Eiriks saga rauða, er kjende som vinlandssagaer og hev vorte sedde på som reint vitskapelege verk, men hev òg vornte førde vidare av mange års munnlege forteljingar, der ein sette inn einskilde nydyrjingsmenn på Grønland som hadde bakgrunn frå Island og som hadde norsk opphav tilliks med at die hadde utferdstrong vestetter. Når granskarar hev arbeidt med sagaene, hev det ført til nye arkeologiske granskingar der ein ynskjer å finna leivningar frå desse tidene, dei tidene hev gjenge framum oss, so no kann me freista å verta kloke av dei røyntone som kjem upp i vår tid. Ein kann finna prov som tyder på at folk hev vandra og leita seg vestover.

Arkeologiske utgravingar nækte leivningar av nordiske busetjingar i L'Anse aux Meadows i Newfoundland, Canada. Der fann ein etter måten mange stykke av jaspersteinar som ein bruka til å fata eld med tilliks med treverkty som vart funne av paret Helge og Anne Stine Ingstad i 1960. Tidfestingar hev ein laga på bakgrunn av karbongraskingar, og desse granskingane hev kome til at desse verktyi kann stamma frå umlag 1000 år attende.

Mange ordskifte og mange freistnader på å underbyggja at denne little busetjingi var det

verkelege Vinland hev kome til. Utan tvil hev vikingfararane havt ei tid der dei slo seg ned i Vinland. Det hev vorte prova av funn på staden. Men forteljingar um grøderikt land, fullt av timber, elvar og innsjøar som var fulle av fisk, milde vintrar nesten utan frost og viktigast skildringar av vindruvor tyder på at desse umrådi må liggja lenger sud.

Smørnøtt-squashen provar ein samanheng millom L'Anse aux Meadows og eit varmt verlag. Då kann ein slå fast at der den vert framstelt krevst det eit varmt verlag, det må vera ein meir sterk varme enn på Newfoundland. Meir sannsynlege prov hev vorte framsette av Fred N. Brown i boki "Rediscovering Vinland, Evidence of Ancient Viking Presence in America":

"...Roger Williams, prominent settler and founder of the city of Providence in Rhode Island, was an educated Englishman, from youth familiar with the halls of England's Parliament, graduate of Cambridge University, friend and champion of the Narragansett Indians who had saved his life and granted his colony to him, in 1643 published thus: "

"Wise and Judicious men, with whom I have discoursed, maintaine their Originall to be from the Northward ----- to draw their line from Iceland..."

Brown etterviser at det fanst tuberkolose-immunitet millom dei innfødde Narragansett-indianarane, det meiner han kann brukast som prov på at dei kann ha havt innslag av nordiske genar. Då europeiske nybyggjarar dukka upp i Amerika lang, lang tid etter vinlandsnybyggjarane, sette tuberkolose-genet store grupper av innfødde innbyggjarar ut or spel og rudde ut store delar av dei innfødde innbyggjarane – men Narragansett viste seg å ha uvanleg sterk motstandskraft mot tuberkolose

Fleire innfall og tankevandringar hev kome upp i tilknytning til kvar det opphavlege vinland låg. Desse innfalli og tankevandringane hev fenge eit fast punkt kring Massachusetts-området og hev Cape Cod som sjølv midtpunktet. Det hev vore rekna med at ferdafolki

ikkje var kjende med at det fanst druvor og blanda druvone saman med cranberries som dei trudde var druvor. so mange år seinare etter at det hadde kome til kraftige nybyggjarumråde med engelske nybyggjarar, so kom irane og endeleg tyskarane, og då byrja landet atter å tiltala skandinavarane.

Hjå NAHA (Norwegian-American studies) kann ein koma til at nordmennene ikkje vart lokka til Amerika for skuld turketider og uår eller ein katastrofe, men av di det var tillokkande å koma til eit land med ville og opne naturlandskap og gagnlegt jordbruksland, slik som det vert skildra i nedskrifter frå tyske nybyggjarar der burte, dei var serleg prega og tekne av det store talet på engelske nybyggjarar som slo seg ned der.

(http://www.naha.stolaf.edu/pubs/nas/volume18/vol18_1.htm)

Kring 1825 gjekk dei fyrste nordmennene umbord på eit skip som skulde føra dei frå Stavanger. Cleng Peerson styrde skuta, nokre av ferdafolki på skipet slo seg ned i Ny York, andre flutte til Illinois eller Wisconsin.

Seinare flutte mange nordmenn yver til Amerika, av di dei vilde driva med jordbruk og næringsdrift, motivasjonsårsaker og på grunn av lovnader um nydyringsland som var sterkt tiltalande. Dei slo seg ned i Pennsylvania, Illinois, Wisconsin, Minnesota, Nord- og Suddakota. Andre skandinavar, serleg svenske, slo seg ned i midtvesten og i Ny York, likso vel som Ny England, serleg i Worcester, Massachusetts and Maine, vart nybyggjar-umrådi umtala som "Det nye Sverige".

Johan Alfred Enander, bladstyrar for det svenskspråklege bladet Hemlandet, meinte at faringi gjorde dei i stand til å få utløp for ei sann vikingånd som bygde på fridom til å lukkast, ei kraft som låg tungt inne i det skandinaviske sinnet, anten dei sette i gong nydyrking i eit nytt heimland eller i det opphavlege heimlandet.

Sluttordet:

Det siviliserte mennesket skuldar samfundet meir enn samfundet skuldar honom.

Charles Maurras

*Målmannen treng folk som skriv høgnorsk.
Kom gjerne med stykkje og innlegg til bladet!*

Attende til: Målmannen, Njårds veg 10, 2214 Kongsvinger